



Direktoratet for
samfunnstryggleik
og beredskap

TEMA

RETTLEIAR FOR TILSYNET SOM BRANN- OG REDNINGSVESENET SKAL HA MED SÆRSKILDE BRANNOBJEKT (§ 13)

Versjon 5 - august 2022

RETTLEIAR FOR TILSYNET SOM BRANN- OG REDNINGSVESENET SKAL HA MED SÆRSKILDE BRANNOBJEKT (§ 13)

Versjon 5 - august 2022

INNHALD

FORORD.....	8
1 INNLEIING.....	9
1.2 Tilsyn i eit nøtteskal.....	9
1.3 Avgrensing til § 13-objekt.....	10
1.4 Tilsyn etter internkontrollprinsippet (systemretta tilsyn).....	10
1.5 Definisjonar	
2 HEIMEL FOR TILSYN OG KONTROLLOMFANG.....	11
2.1 Krav til lovheimel.....	11
2.1.1 Brann- og redningsvesenet er tilsynsmakt, jf. brann – og eksplosjonsvernlova § 32.....	11
2.2 Brann- og eksplosjonsvernlova § 13.....	11
2.2.1 § 13 andre ledd regulerer kva det skal førast tilsyn med.....	11
2.2.2 § 13 fjerde ledd regulerer tilsyn med andre objekt enn dei som er omfatta av første ledd.....	12
2.3 Kva skal kontrollerast?.....	13
2.3.1 Brann- og eksplosjonsvernlova § 8 om etterleving av internkontrollforskrifta.....	13
2.3.2 Etterleving av forskrift om brannførebygging.....	13
2.3.3 Etterleving av forskrift om handtering av farleg stoff § 23.....	13
2.3.4 Brot på forskrift om industrivern meldast til NSO.....	13
3 KARTLEGGING AV SÆRSKILDE BRANNOBJEKT	
3.1 Risikovurdering som grunnlag for utveljing av risikoobjekt.....	14
3.2 Få oversikt (kartlegging).....	14
3.3 Registrering av særskilde brannobjekt.....	15
3.4 Registreringa er ei prosessuell avgjerd.....	16
3.5 Avregistrering av objekt.....	17
3.6 Tilsyn med branntryggleiken i omsorgsbustader.....	18
3.6.1 Heimel til å gå tilsyn.....	18
3.6.2 Kva forhold skal det førast tilsyn med?.....	18
3.6.3 Kontrollomfanget:.....	19
3.7 Tilsyn med branntryggleiken i desentraliserte asylmottak.....	19
3.8 Tunellar, verneverdige eigedomar m.m.	20
3.8.1 Tunellar.....	20
3.8.2 Bygningsmassen til Forsvaret.....	20
3.8.3 Freda bygningar og område med verneverdig tett trehusbusetnad.....	20
4 PLANLEGGING AV TILSYN.....	21
4.1 Mål og føringar for tilsynet.....	21
4.1.1 Systematisk tilnærming.....	21
4.1.2 Klare målsetjingar.....	22
4.2 Val av tilsynsmetode.....	22
4.2.1 Revisjonar.....	23
4.2.2 Inspeksjonar.....	23
4.2.3 Andre tilsynsformer.....	23
4.3 Samarbeid med andre.....	24

4.4	Sjekkliste.....	25
4.4.1	Hensikt.....	25
4.4.2	Utarbeiding av kontrollpunkt.....	25
4.4.3	Rettleiing til sjekkliste.....	25
4.5	Rammer for tilsynet.....	26
4.6	Planlegging slutt møte.....	26
5	GJENNOMFØRING AV TILSYNET.....	26
5.1	Varsel om tilsyn.....	26
5.2	Førebuing til møte med tilsynsobjektet (verksemdsleiinga).....	27
5.2.1	Etikk, habilitet, likebehandling m.m.....	27
5.3	Opningsmøte.....	28
5.4	Kontrollen (intervju, gjennomgang av dokumentasjon og stikkprøver).....	28
5.5	Oppsummering/slutt møte.....	29
6	RAPPORTERING.....	30
6.1	Rapport etter tilsyn.....	30
6.2	Dei fem K-ane i rapporten.....	30
6.3	Distribusjon av tilsynsrapport.....	31
6.4	Døme på vurdering av alvorlege lovbrøt.....	31
6.4.1	Kvifor.....	31
6.4.2	Internkontrollforskrifta – døme på lovbrøt.....	31
6.4.3	Brann- og eksplosjonsvernlova og forskrift om brannførebygging – døme på lovbrøt.....	32
6.5	Underretning til bygningsstyresmakta om ulovlege forhold.....	32e
7	REAKSJONSFORMER, JF. BRANN- OG EKSPLOSJONSVERNLOVA.....	32
7.1	Kva er meint med reaksjon.....	33
7.2	Regelbrøt gir grunnlag for reaksjon.....	34
7.3	Krav i forvaltingslova ved reaksjonsbruk.....	34
7.3.1	Korrekt saksbehandling og krav til heimel.....	34
7.3.2	Førehandsvarsel i tilsynsrapporten.....	35
7.3.3	Utgreiings- og informasjonsplikt.....	36
7.3.4	Formelle krav til enkeltvedtaket.....	36
7.3.5	Konsekvensar ved feil i saksbehandlinga.....	37
7.4	Pålegg om opplysningar (§ 33).....	37
7.5	Tilgang til tilsynsobjektet og plikt til å levere tilsynsrapport (§§ 34 og 36).....	39
7.6	Pålegg om retting (§ 37).....	39
7.7	Tvangsmulkt (§ 39).....	41
7.7.1	Formål, heimel og førehandsvarsel.....	41
7.7.2	Ulike typar tvangsmulkt.....	41
7.7.3	Storleik på tvangsmulka.....	42
7.7.4	Omgjering av tvangsmulktvedtak.....	42
7.7.5	Korrekt utrekningsgrunnlag – fakturering og innkrevjing.....	42
7.7.6	Ettergiving av tvangsmulkt.....	43
7.7.7	Utsett iverksetjing.....	44

7.7.8	Ansvar for tvangsmulkt ved eigarskifte	44
7.8	Stans ved overhengande fare (§ 37).....	44
7.9	Tvangsgjennomføring – førelegg (§ 40).....	45
7.10	Melding til politiet (§ 42).....	45
7.10.1	Innleiing	45
7.10.2	Rutinar for å melde eit forhold til politiet	46
7.10.3	Kva forhold kan meldast	46
7.11	Klage på vedtak og omgjerung m.m.	46
7.11.1	Kven er klageinstans	46
7.11.2	Klager blir fremja gjennom underinstansen	47
7.11.3	Utsett iverksetjing, omgjerung m.m.	47
7.11.4	Klagerett, formkrav og klagefrist	48
7.11.5	Avvising av klage	48
7.12	Forholdet til offentleglova	48
8	OPPFØLGING AV TILSYN	49
8.1	Systematisk oppfølging av tilsyn	49
8.2	Kva tilsynsmakta skal be verksemda om	50
8.3	Planen til verksemda for å rette opp i lovbrotet	50
8.4	Korleis tilsynsmakta vurderer tilbakemeldinga frå verksemda	50
8.5	Korleis tilsynsmakta organiserer arbeidet.....	50
8.6	Aktivitetane til tilsynsmakta	51
8.7	Tidsfristar	51
9	EVALUERING AV TILSYNET	52
10	ENDRINGSLOGG	52

FORORD

Tilsynsrettleiaren er avgrensa til tilsyn med særskilde brannobjekt jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 13, og erstattar i hovudsak DSB-rettleiinga frå 2006 for styresmaktutøving av tilsyn. Denne rettleiaren inngår i prosjektet Handbok i brannførebygging. Tilsynsmetoden og regelverkforståinga i denne rettleiinga kan nyttast også for tilsyn med fyringsanlegg.

Hensikta med rettleiinga er å leggje til rette for lik og einskapleg bruk av tilsyn som verkemiddel på tvers av kommunegrensene. Dette vil i sin tur bidra til auka rettstryggleik for tilsynsobjektet.

Rettleiinga er meint å vere eit levende dokument. Endring i regler og metode for tilsyn blir vareteke gjennom jamlege oppdateringar, og nye døme og prinsipielle avgjerder blir supplerte etter kvart som dei kjem til.

Det er lagt ved utarbeidde/oppdaterte malar til rettleiinga. Der de ikkje finn nokon mal, gjeld 2006-versjonen framleis. Nye malar kjem fortlaupande.

For å sikre ei relevant og oppdatert rettleiing er DSB avhengig av innspel frå brann- og redningsvesenet som tilsynsmynde og brukar. Vi fekk mange nyttige og viktige innspel frå brann- og redningsvesenet i utarbeidinga av første utkast, og vi håper de vil bidra vidare med å halde dokumentet levande og relevant.

Innspel kan sendast til: tommy.ueland@dsb.no eller postmottak@dsb.no

Takk for hjelpa!

1. INNLEIING

1.1 TILSYN – EIT AV FLEIRE VERKEMIDDEL I DET SYSTEMATISKE TRYGGLEIKSARBEIDET

Kommunalt tilsyn med særskilde brannobjekt, jf. brann- og eksplosjonsvernloven¹ § 13 er eit av fleire verkemiddel for å førebygge brann.

Andre verkemiddel mot brann er informasjons – og motivasjonstiltak, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 11 første ledd bokstav a, derimellom kunnskapsformidling og varetaking av branntryggleik gjennom kommunale og regionale planleggings- og avgjerdsprosessar, jf. forskrift om brannførebygging § 19.2

Kommunen må føre lister (ha dokumentert oversikt) over objekta som er omfatta av tilsynsansvaret. Denne oversikta må vere oppdatert. Registrering av særskilt brannobjekt³ blir ikkje lenger rekna som eit enkeltvedtak, men som ei prosessuell avgjerd. Dette er endra frå tidlegare rettleiingar om registrering av særskilde brannobjekt. Sjå kapittel 3.4 for meir informasjon.

1.2 TILSYN I EIT NØTTESKAL

Tilsynsprosessen kan delast inn i følgjande fasar:

Kartleggje – Risikobasert utveljing av tilsynsobjekt, tema m.m.


Planleggje – Innhenting av dokumentasjon, utarbeiding av sjekklister og spørsmål m.m.

Gjennomføre (kontroll) – Kontrollere at verksemda etterlever krava i lov- og forskrift, og vurdere ulike reaksjonar når det blir oppdaga avvik.

Gjennomføre (oppfølging) – Følgje opp avvik og pålegg for å sikre at retting er gjennomført

Evaluerer – Vurdere effekten av tilsyn, tilsynsmetodar, gjennomføring m.m.

Tilsynsmakta skal kontrollere om lovkrava er oppfylte, og ikkje *korleis* verksemda vel å oppfylle lovkrava.



¹ Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulukker med farleg stoff og om redningsoppgåvene til brannvesenet (brann- og eksplosjonsvernlova) 2002-06-14-20

² Forskrift om brannførebygging, kapittel 4, Kommunal førebyggande plikt. (§§ 14-22)

Ifølgje brann- og eksplosjonsvernlova § 13 første ledd skal kommunen identifisere og føre lister over *byggverk, opplag, område, tunnelar, verksemdar m.m. der brann kan medføre tap av mange liv, eller store skadar på helse, miljø eller materielle verdjar.*

1.3 AVGRENSING TIL § 13-OBJEKT

Denne rettleiinga gjeld berre tilsyn med særskilde brannobjekt. Kommunen har ingen generell heimel i brann- og eksplosjonsvernlova til å føre tilsyn med byggverk eller andre brannobjekt. Utover fyringsanlegg skal kommunen som hovudregel berre føre tilsyn med særskilde brannobjekt.⁴ Brann- og redningsvesenet har i utgangspunktet ikkje heimel til å føre tilsyn med objekt som ikkje blir rekna som særskilde brannobjekt; derimellom tilsyn i privatbustader. Kommunen kan derimot bestemme gjennom enkeltvedtak at det skal førast tilsyn med andre byggverk m.m., jf. § 13 fjerde ledd.

Sjå prinsippavgjerd for tilsyn i privatbustad her: https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/brann-og-redning-bre/prinsippavgjorelser/2018-10-04-tilsyn-hos-privatpersoner_bruk-av-tvangsmidler.pdf

1.4 TILSYN ETTER INTERNKONTROLLPRINSIPPET (SYSTEMRETTA TILSYN)

Tilsynet er retta mot eigenaktiviteten og dokumentasjonen til verksemdene, og blir konsentrert om systema og rutinane til verksemdene sjølve.

Verksemdene skal sjølv dokumentere at det er etablert system som gir tilstrekkeleg tryggleik for at regelverket til styresmaktene blir respektert. Ved tilsyn etter internkontrollprinsippet blir det sterkare understreka at ansvaret for å følgje regelverk er plassert hos verksemdene sjølve, uavhengig av den kontrollen styresmaktene utfører.

1.5 DEFINISJONAR:

Merknad: Eit forhold som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å påpeike, og som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik.

Avvik: Brot på krav gitt i medhald av lov eller forskrift.

Synfaring: Synfaring blir gjennomført på ulike område av verksemda som er relevante for det som skal kontrollerast. Synfaring er ofte viktig for å verifisere funn eller hypotesar som følgje av dokumentasjonsgjennomgang, intervju, informasjon som kom fram i opningsmøte e.l.

Inspeksjon: Kontrollaktivitet som ikkje er revisjon.

Inspeksjon skal normalt vere ein planlagd og systematisk gjennomgang av utvalde tema i verksemda for å slå fast om verksemda oppfyller krav gitt i medhald av lov eller forskrift. Ein inspeksjon kan vere både varsla og umeld.

Kontroll: Ei undersøking av status i forhold til krav gitt i medhald av lov eller forskrift. Kontrollen kan gjennomførast på staden gjennom revisjon og inspeksjon, eller ved at det blir stilt krav om innsending av dokumentasjon, prøver og liknande til tilsynsmaktene.

Koordinert kontroll: Kontrollar som ikkje blir gjennomførte samstundes, men som blir koordinerte i tid og/eller tema av to eller fleire etatar.

Reaksjon: Tiltak frå tilsynsmakta si side overfor ei verksemd der det er oppdaga avvik frå styresmaktkrav.

Revisjon: Systematisk kontroll av styringssystemet til verksemda for å slå fast om aktivitetar og tilhøyrande resultat stemmer med det som er planlagt, og om dei er føremålstenlege og effektivt gjennomførte.

Risiko: Potensial eller moglegheit for uønskte hendingar og tap. Risiko blir uttrykt gjennom sannsynet for og konsekvensane av uønskte hendingar/tilstandar.

Samstundes kontroll: Kontroll som blir utført samstundes av to eller fleire tilsynsetatar.

Samordna kontroll: Omfattar koordinert og/eller samstundes kontroll.

System: Samling av element som er anten nærskyldte eller påverkar kvarandre gjensidig. (Element kan vere aktivitetar, prosedyrar eller dokument.)

Styring: Koordinerte aktivitetar for å rettleie og styre ein organisasjon.

Styringssystem: Eit system for å etablere, nå og bevare mål. Internkontrollsystem kan inngå i eit slikt styringssystem.

Særskilde brannobjekt: Byggverk, opplag, område, tunnelar, verksemdar m.m. der brann kan medføre tap av mange liv eller store skadar på helse, miljø eller materielle verdiar, jf. § 13 første ledd.

Tilsyn: Sjå til at føresegner som er gitt i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova, blir følgde. Tilsynet omfattar også eventuell reaksjon i etterkant. Kontroll og reaksjon.

Verifikasjon: Stadfesting ved å undersøkje og skaffe objektivt bevis på at spesifiserte krav er oppfylte (synfaring, stikkprøvekontroll, m.m.). Aktiviteten inngår i revisjon og inspeksjon.

⁴ St.meld. nr. 17 (2002-2003) Om statlege tilsyn kap. 3.6.2 *Frå tradisjonell kontroll til internkontrollbasert tilsyn*

2. HEIMEL FOR TILSYN OG KONTROLLOMFANG

2.1 KRAV TIL LOVHEIMEL

Tilsyn er eit så inngripande verkemiddel at det krevst klar heimel i lov for utøving, jf. legalitetsprinsippet.⁵ Heimel for tilsynet til brann- og redningsvesenet er brann- og eksplosjonsvernlova § 13 andre ledd. Formålet med tilsynet er å sjå til at byggverk, opplag, område, tunnelar, verksemder m.m. er tilstrekkeleg sikra mot brann.

2.1.1 BRANN- OG REDNINGSVESENET ER TILSYNSMAKT, JF. BRANN- OG EKSPLOSJONSVERNLOVA § 32

I denne føresegna er kommunen definert som lokal tilsynsmakt, og plikta til tilsyn er lagt til kommunen. Kommunestyret har det formelle ansvaret, men brann- og eksplosjonsvernlova § 11 første ledd bokstav b føreset at det er brann- og redningsvesenet som skal gjennomføre tilsynsoppgåvene. Det skal førast tilsyn på områda som er uttrykkeleg spesifiserte i brann- og eksplosjonsvernlova og i forskrifter som er gitt i medhald av denne.

2.2 BRANN- OG EKSPLOSJONSVERNLOVEN § 13

2.2.1 § 13 ANDRE LEDD REGULERE KVA DET SKAL FØRAST TILSYN MED

Utover fyringsanlegg skal kommunane som hovudregel berre føre tilsyn med særskilde brannobjekt, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 13 første ledd.⁶ Tilsynet skal omfatte alt som har betydning for branntryggleiken, både bygningsmessige, tekniske, utstyrmessige og organisatoriske brannsikringstiltak og aspekt som er av betydning for gjennomføring av brannsløkking og annan redningsinnsats.

I forarbeida til brann- og eksplosjonsvernlova står følgjande om kva som skal omfattast av tilsynet: Mykje av dette vil vere detaljert regulert gjennom lover og forskrifter. Tilsynet omfattar på den andre sida også forhold der lovgivinga manglar spesifikke krav og det må leggjast til grunn fagleg skjønn. Såleis omfattar tilsynet også den alminnelege «brannhygiene» i objektet – derimellom ryddigheit, vedlikehald, at rømningsvegane kan nyttast som tiltenkt og at brannbelastninga ikkje er uakseptabel. Tilsynet omfattar òg forhold knytt til gjennomføring av brannsløkking og annan redningsinnsats; til dømes at innsatsstyrkane har nødvendig tilkomst og vassforsyning.⁷

2.2.2 § 13 FØRSTE LEDD REGULERER BRUKEN AV RISIKOVURDERING SOM AVGRENSINGSKRITERIUM

Brann- og eksplosjonsvernlova § 13 første ledd regulerer korleis tilsynsobjekt skal veljast ut. Føresegna er avgrensa til brannsituasjonar, og identifikasjonen og registreringa dannar utgangspunktet for kva objekt brann- og redningsvesenet pliktar å føre tilsyn med, jf. § 13 andre ledd. Ut frå forarbeida er lova ikkje til hinder for at det kan takast omsyn til sekundærverknadene av ein brann (t.d. giftutslepp) ved utveljing.⁸ Føremålsføresegnene i brann- og eksplosjonsvernlova nemner også miljø som ein av verdiane som skal vernast mot brann og eksplosjon.

Forarbeida: Lova vil vere sekundær i forhold til forureiningslova, og kan ikkje heimle førebyggjande og beredskapsmessige tiltak som berre er grunngitte i miljøomsyn. Derimot vil ein ved val mellom tryggleiksmessig likeverdige løysingar måtte velje dei mest miljøvennlege. Formålsføresegnene i lova er tekne inn i § 1.⁹

⁵ Kongeriket Noregs grunnlov 17.mai 1814 § 113 *Myndighetenes inngrep overfor den enkelte må ha grunnlag i lov*

⁶ Prop. 52 L (2014–2015) side 33-

⁷ Ot.prp. nr. 28 (2001-2002) side 61–62

⁸ Ot.prp. nr. 28 (2001-2002) side 61

⁹ Innst.O.nr.45 (2001-2002) side 3: <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Odelstinget/2001-2002/inno-200102-045/?lvl=0>

Det er den konkrete risikoen som skal vere avgjerande for korleis tilsynet blir lagt opp. Forskrift om brannførebygging § 18 konkretiserer prioriteringa av tilsynsoppgåvene, og slår fast at tilsyn skal gjennomførast og prioriterast på bakgrunn av

- a. risikoen for tap av liv og helse
- b. risikoen for tap av materielle og kulturhistoriske verdiar
- c. risikoen for samfunnsmessige konsekvensar
- d. risikoen for brot på førebyggjande plikter
- e. effekten av tilsyn i forhold til andre brannførebyggjande tiltak

For at dei avgrensa tilsynsressursane til styresmaktene skal kunne utnyttast mest mogleg effektivt, må dei setjast inn på dei områda der risikoen er størst, og der tilsynet kan føre til ein størst mogleg reduksjon i risikonivået innanfor realistiske økonomiske rammer. Departementet støtter difor utvalet i at regulering og tilsyn på brann- og eksplosjonsvernområdet i framtida i større grad må baserast på risikovurderingar.¹⁰

I forarbeida er det oppgitt følgjande viktige parametrar til bruk i den risikobaserte vurderinga:¹¹

- type verksemd
- store næringsverksemdar med nasjonal betydning
- kor stor og kompleks verksemda er
- kompleksitet i forhold til prosessar og utstyr, prosessering, tilverking (produksjon representerer normalt vesentleg høgare risiko enn t.d. ren oppbevaring)
- utstrekning av område med særskild brann- og eksplosjonsfare
- tapspotensiale ved ein eventuell storbrann, eksplosjon eller utslepp
- kor verksemda ligg, nabolag, forhold til tredjepart
- mengder og typar brannfarleg stoff
- eksplosjonsfarleg stoff andre farlege stoff
- om verksemda er omfatta av EU-direktivet om kontroll med farane for storulukker med farlege stoff (96/82/EØF)
- miljøkonsekvensar ved brann/eksplosjon/utslepp

2.2.3 § 13 FJERDE LEDD REGULERER TILSYN MED ANDRE OBJEKT ENN DEI SOM ER OMFATTA AV FØRSTE LEDD

Brann- og redningsvesenet skal i utgangspunktet ikkje føre tilsyn med andre byggverk enn særskilde brannobjekt. Dersom brann- og redningsvesenet etter ei risikovurdering likevel finn behov for å gjennomføre tilsyn, må kommunestyret anten vedta ei lokal forskrift som opnar for tilsyn i ein bestemt type byggverk, eller det må fattast eit enkeltvedtak, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 13 fjerde ledd.

Kommunen (i praksis brann og redningsvesenet, dersom mynde er delegert) kan fatte enkeltvedtak om tilsyn. Enkeltvedtak er ofte eit resultat av ei bekymringsmelding, eit arrangement, eit satsingsområde m.m., og det er nødvendig med effektiv og rask saksbehandling.¹²

Følgjande går fram av vurderinga som departementet har gjort av føresegna: Avgjerd om at det skal gjennomførast tilsyn med konkrete brannobjekt vil som regel måtte baserast på eit skjøn som i stor grad er bunde av brannfaglege og rettslege rammer. Ofte må saksbehandlinga gjennomførast raskt. Dei fleste av sakene har dessutan avgrensa betydning for omgivnadene eller eit større område.¹³

Myndet til å vedta lokal forskrift etter § 13 fjerde ledd er lagt til kommunestyret. Grunngevinga for kvifor dette myndet er lagt til kommunestyret er at *ei forskrift som utvidar dei kommunale tilsynsoppgåvene vil påverke det overordna ansvaret som kommunestyret har for å organisere brannvesenet.*¹⁴

¹⁰ Innst.O.nr.45 (2001–2002) side 3–4

¹¹ NOU 1999:4 Utkast til ny lov om brann- og eksplosjonsvern side 44, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-1999-4/id141491/>

¹² Høyringsinnspela til endring i føresegna.

¹³ Prop. 52 L (2014–2015) Endringar i brann- og eksplosjonsvernlova, tolllova og straffelova 2005 (utgangsstoff for eksplosiv m.m.) side 38: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-52-l-2014-2015/id2362894/>

¹⁴ Prop. 52 L (2014–2015) side 39

2.3 KVA SKAL KONTROLLERAST?

2.3.1 BRANN- OG EKSPLOSJONSVERNLOVA § 8 OM ETTERLEVING AV INTERNKONTROLLFORSKRIFTA

I tillegg til brann- og eksplosjonsvernlova § 13 andre ledd, er det fleire forskrifter som konkretiserer og utdjupar kontrollomfanget. Blant desse er internkontrollforskrifta.¹⁵

Plikta som verksemdar har til å gjennomføre internkontroll, er regulert i brann- og eksplosjonsvernlova § 8 (i tillegg til internkontrollforskrifta):

Når det gjeld spørsmål om kvifor ein valde å presisere internkontrollplikta direkte i brann- og eksplosjonsvernlova, går følgjande fram av **forarbeida**: *Komiteen meiner det er viktig at internkontrollplikta kjem fram direkte i lova og at tilsynsverksemda blir basert på internkontrollprinsippet. Dette betyr at verksemdene må kunne dokumentere overfor tilsynsmaktene at lover og forskrifter blir følgde opp. Ved å plassere ansvaret for tryggleiken hos verksemdene stimulerer ein til nytanking og kreativitet i arbeidet med å fremje auka tryggleik (...) Styresmaktene må følgje opp ordningar med internkontroll med ulike kontrolltiltak, slik at alvoret i pålegga blir understreka og ein fangar opp lovbrøt. Det er viktig at det blir etablert ein dialog mellom brannstyresmakta og verksemda ved etablering av internkontrollsystem.*¹⁶

Tilsyn etter internkontrollforskrifta inneber ein kontroll av HMS-systemet generelt, og brannrisikovurderinga spesielt. Det blir i denne samanhengen vist til krava i internkontrollforskrifta § 5:

Tryggleikssyn skal vere integrerte i alle fasar av verksemda, derimellom planlegging, prosjektering, etablering, drift og utvikling, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 19. Dersom eigar av verksemda og eigar av byggverket er same person, gjeld i tillegg brann- og eksplosjonsvernlova § 6: Eigar av byggverk, område (...) pliktar å sørgje for nødvendige sikringstiltak for å førebyggje og avgrense brann, eksplosjon eller andre ulukker.

Hensikta med tilsynet er å bidra til at verksemdene sjølv følgjer opp det systematiske arbeidet med å førebyggje brannar, med det formål å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon. *I tillegg må verksemdene ha beredskap mot det dei ikkje klarer å førebyggje – den såkalla restrisiko.*¹⁷

2.3.2 ETTERLEVING AV FORSKRIFT OM BRANNFØREBYGGING

Tilsyn med etterleving av forskrift om brannførebygging inneber kontroll med mellom anna bygningsdelar og tryggleiksinnretningar (§ 5), oppgradering av byggverk (§ 8), og det systematiske tryggleiksarbeidet til eigar og brukar (jf. §§ 9-13).

2.3.3 ETTERLEVING AV FORSKRIFT OM HANDTERING AV FARLEG STOFF § 23

Kommunen, v/ brann- og redningsvesenet, skal som tilsynsmakt også følgje opp at føresegnene i denne forskrifta blir innfridde. I tillegg fører DSB – anten åleine eller i samarbeid med kommunen – tilsyn med verksemdar som representerer ein betydeleg risiko, eller der direktoratet meiner det er nødvendig for å ha oversikt over risiko knytt til handtering av farleg stoff. [Rettleiing om tilsyn med farleg stoff kjem som ein del av handboka i brannførebygging].

2.3.4 BROTT PÅ FORSKRIFT OM INDUSTRIVERN SKAL MELDAST TIL NSO

Ei verksemd kan vere omfatta av forskrift om industrivern.¹⁸ Brann- og redningsvesenet er ikkje tilsynsmakt for føresegnene i forskrift om industrivern, og kan dermed ikkje heimle avvik i forskrift om industrivern. Næringslivets sikkerhetsorganisasjon (NSO) har som hovudoppgåve å drive tilsyn med industrivernpliktige verksemdar. Dersom brann- og redningsvesenet likevel erfarer manglar ved industrivernet, skal NSO varslast. Verksemda det gjeld, blir orientert om varslinga ved kopi av brevet til NSO og/eller tilsynsrapporten.

¹⁵ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften) FOR-1996-12-06-1127

¹⁶ Innst.O.nr.45 (2001-2002) side 3

¹⁷ St.meld. nr. 17 (2002-2003) Om statlige tilsyn kap. 5.1

¹⁸ Forskrift om industrivern FOR-2011-12-20-1434

TIPS: Ting som kan varslast, er mangelfull beredskapsplan (beredskapsplanen skal innehalde opplysningar om korleis industrivernet er organisert, beskrive ein plan for varsling og handling ved alarm, og gi ei oversikt over interne og eksterne ressursar, jf. § 7 i forskrift om industrivern) eller mangel på personleg verneutstyr som gir tilstrekkeleg vern under øvingar og innsats (jf. forskrift om industrivern §§ 8 og 9).

3. KARTLEGGING AV SÆRSKILDE BRANNOBJEKT

3.1 RISIKOVURDERING SOM GRUNNLAG FOR UTVELJING AV RISIKOOBJEKT

Risikovurdering skal liggje til grunn for identifisering og utveljing av særskilde brannobjekt, jf. brann- og eksplosjonsvernlova §13 første ledd. Med risikovurdering meiner ein her sannsynet for og dei moglege konsekvensane ein brann kan få for følgjande:

- *Liv:* Omfattar både menneske og dyr
- *Helse:* Omfattar både fysisk og psykisk helse
- *Miljø:* Omfattar berre miljøkonsekvens som følgje av brann.
- *Materielle verdiar:* Omfattar også verdiar som ikkje kan erstattast (t.d. kulturminne).



TIPS: DSB har utarbeidd ei eiga temarettleiing, *Temarettleiing: Kapittel 4 i forskrift om brannførebygging*.¹⁹ Hensikta med denne temarettleiinga er å gi brann- og redningsvesenet eit verktøy for å kunne gjennomføre systematisk risiko-basert førebyggjande arbeid (på overordna nivå), og dermed oppfylle krava i kapittel 4 i forskrift om brannførebygging. I tillegg til gir rettleiinga enkelte anbefalingar med omsyn til risikovurderinga av særskilde brannobjekt, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 13. Sjå særleg kapittel 3 og 4 i temarettleiinga.

3.2 FÅ OVERSIKT (KARTLEGGING)

Kommunen skal identifisere og føre oversikt over byggverk, opplag, område, tunnelar, verksemder m.m. der brann kan medføre tap av mange liv eller store skadar på helse, miljø eller materielle verdiar. Jf. brann- og eksplosjonsvernlova.²⁰

Alle nye byggjesaker, bruksendringar og større ombyggingar er i utgangspunktet søknadspliktige. Ein tett dialog med byggjesakskontoret gjer det mogleg å fange opp nye objekt tidleg.

Eit anna verktøy er lista til brann- og redningsvesenet over objekt som høyrer inn under § 13.

Sørg for at gjeldande er oppdatert og blir ajourført med jamlege risikovurderingar, etter tilsyn, hendingar, bekymringsmeldingar m.m. På den måten vil det tidleg bli oppdaga om det finst objekt på lista som ikkje lenger skal vere registrerte, om frekvensen for tilsyn må endrast eller om det må gjerast andre tiltak. Dette vil resultere i ei objektsliste som er oppdatert, dynamisk og risikobasert.

AKTUELLE SAMARBEIDS- OG SAMHANDLINGSAKTØRAR:

EKSTERNT:

- *Det lokale byggjesakskontoret.*
- *Statsforvaltaren. (Kulturarv- og miljøavdelinga)*
- *Fylkesberedskapssjefen (risikoanalyse for fylket)*
- *Kommunal reguleringsplan og risikoanalyse*

INTERNT:

- *Beredskapsavdelinga*
- *Feiaravdelinga*

Kommunen har totalt sett veldig god lokalkunnskap, men denne kunnskapen er ofte fragmentert mellom ulike tenester i kommunen. Gode rutinar for informasjonsdeling internt vil bidra til ei best mogleg forvaltning av kunnskapen.

¹⁹ Temarettleiing: Kapittel 4 i forskrift om brannførebygging – <https://www.dsb.no/lover/brannvern-brannvesen-nodnett/veiledning-til-forskrift/temaveileder-til-kapittel-4-i-forskrift-om-brannførebygging/#om-temaveilederen>

²⁰ Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulukker med farleg stoff og om redningsoppgåvene til brannvesenet (brann- og eksplosjonsvernlova) LOV-2002-06-14-20

3.3 REGISTRERING AV SÆRSKILDE BRANNOBJEKT

Når nye objekt blir fanga opp, skal det gjennomførast ei risikovurdering for å sjå om dei fell inn under § 13 første ledd. Risikovurderinga bør vere enkel og skal vektast ut frå prioritet, der skade på liv og helse skal vege tungt.

DØME PÅ ENKEL RISIKOVURDERING AV EIT OBJEKT:

KVALITATIV VURDERING:

Eksempelbygg1 (gnr.1/bnr.1) er eit xxxxxx på éin flate med 2 utgangar. Lokalet har ei personbelastning på 230 personar. Bygget er oversiktleg og enkelt, men med den høge personbelastninga vil det kunne vere personar til stades som ikkje er i stand til å evakuere seg på eiga hand dersom det oppstår ein brann. Bygget blir registrert på bakgrunn av høg konsekvens for personskade ved brann.

KVANTITATIV VURDERING:

Eksempelbygg1 (gnr. 1/bnr. 1)

Hending (Brann)	Sannsyn	Konsekvens	Vekting	Produkt
Personskade	3	5	2	30
Miljøskade	2	1	1,5	3
Materielle skadar	5	2	1	10

Test av analyse: Denne hendinga har høg risiko fordi fleire personar kan bli skadde eller omkome ved ein brann. Brann- og redningsvesenet bør føre tilsyn med eigar, verksemd og byggverket for å ha kontroll med risikoen.

Alle kvantitative risikovurderingar bør testast opp mot følgjande utsegn:

Denne hendinga har høg risiko fordi Og vi anbefalar desse tiltaka fordi ...

Det kan vere føremålstenleg å lage kriterium for utveljing av enkelte typar objekt. I samband med den nasjonale tilsynsaksjonen på avfallsanlegg i 2020 var risiko allereie kjend,²¹ og som ein del av føringsdokumenta blei det utarbeidd ei rettleiing for risikovurdering av anlegga. Dette dømet er henta frå føringsdokumenta til tilsynsaksjonen 2020 [sjå vedlegg 3].

²¹ Rise-rapporten om brannar i avfallsanlegg nov. 2019: <https://www.dsb.no/rapporter-og-evalueringer/branner-i-avfallsanlegg/>

Nr.	Kriterium	Låg risiko/ vektning	Høg risiko/ vektning	Verdi
Organisatorisk: Planar m.m.				
1	Har brann- og redningsvesenet beredskapsplanar/ innsatsplanar for anlegget?	(Ja) 1	(Nei) 5	
2	Er det registrert hendingar på anlegget sidan 2016 (jf. BRIS)?	(0) 1	(>1) 5	
3	Har avfallsanlegget eige industrivern?	(Ja) 1	(Nei) 5	
Avfallsfraksjonar				
4	Blanda avfall (derimellom restavfall) – ofte brannstart (Kommunale mottaksanlegg, sorteringsanlegg, forbrenningsanlegg)	(Nei)/1 1	(Ja) 10	
5	EE-avfall og batteri – regelmessig brannstart (Anlegg for mottak og behandling av EE-avfall)	"	(Ja) 10	
6	Papp, papir, kartong – regelmessig brannstart (Kommunale mottaksanlegg, sorteringsanlegg og forbrenningsanlegg)	"	(Ja) 10	
7	Farleg avfall – sjeldan brannstart (Kommunale mottaksanlegg, anlegg for mellomlagring av farleg avfall og behandlingsanlegg for farleg avfall pluss farleg avfall i kasserte køyretøy m.m.)	"	(Ja) 5	
8	Trevirke – regelmessig brannstart (Kommunale mottaksanlegg, Trevirkeanlegg, avfallsanlegg for byggsanering)	"	(Ja) 5	
9	Park og hageavfall – regelmessig brannstart (Kommunale mottaksanlegg).	"	(Ja) 5	
10	Kasserte køyretøy – regelmessig brannstart (Bilopphoggeri, kasserte køyretøy, biloppsamlarar).	"	(Ja) 2	
11	Metall – sjeldan brannstart (Anlegg for mottak og behandling av metall)	"	(Ja) 2	
12	Gummi – sær sjeldan brannstart (Dekklager med store mengder , lager for behandling av gummi).	"	(Ja) 2	
Anna: Plassering, storleik m.m.				
13	Blir avfallet behandla av anlegget?	(Nei) 1	(Ja) 5	
14	Tek anlegget imot store mengder avfall? (Sjå løyvet eller ta utgangspunkt i lagringsarealet innandørs/bygning og utandørs.) Dei største bør vektast høgare enn dei mindre.	(Nei) 1	(Ja) 5/10	
15	Ligg anlegget nær busetnad (bustadfelt / urban busetnad, industriområde eller jordbruksområde)?	(Nei) 1	(Ja) 5	
16	Ligg anlegget nær dyrkbar jord, vassdrag, elv, sjø, grun- nvatn, drikkevasskjelde, naturvernområde?	(Nei) 1	(Ja) 5	
17	Kva er sløkkjevasskapasiteten i området?	(> 50 l/s) 1	(> 50 l/s) 5	
Anlegga som oppnår høgast talverdi, bør veljast ut for tilsyn				

Byggverk med fleire særskilde brannobjekt

I tilfelle der det er fleire særskilde brannobjekt (verksemdar) i same byggverk, er det viktig at eigar av bygninga er orientert om eventuelle avvik. Funn som har betydning for sjølve byggverket, og ikkje berre bruken, må uansett formidlast til eigar. Tilsyn med verksemdene (brukarane) i byggverket bør difor utførast med eigar til stades. Eigar og brukarar bør vere kjende både med brannrisikoen knytt til bruken av byggverket og brannrisikoen i byggverket generelt.

Eigar av byggverket pliktar i tillegg å sikre at all bruk blir samordna på ein måte som bidrar til å førebyggje brann, jf. §4 i forskrift om brannførebygging.

Døme på korleis dette kan løysast:

Ein kommune eig eit bygg med *restaurant* i 1. etasje og *utestad* i 2. etasje. Brannvesenet ditt har kome til at både restauranten og utestaden er særskilde brannobjekt. Brannvesenet **informerer eigar (kommunen)**, *restaurant* og *utestad* om denne avgjerda, og at alle tre vil vere underlagde tilsyn.

Brannvesenet sender eit tilsynsvarsel til *eigar av byggverket, restauranten* og *utestaden*, som alle blir bedne om å stille med representant på tilsynet.

I dette døme vil det kunne vere avvik retta mot *eigar, utestad* og *restaurant*. Av og til oppstår det diskusjon rundt *kven* som er ansvarleg for eit avvik. Då er det ein fordel å avklare det medan alle partane er til stades. Det er brannvesenet – tilsynsmakta – som avgjer *kven* som er ansvarleg for avviket. Det er viktig at tilsynsrapporten er tydeleg på *kven* dei ulike avvika er retta mot, dersom brannvesenet vel å sende ein samla rapport.

3.4 REGISTRERINGA ER EI PROSESSUELL AVGJERD

Brann- og eksplosjonsvernlova § 13 stiller krav til registrering av særskilde brannobjekt og at kommunen skal føre tilsyn med desse.

Kvifor har dette blitt endra?

I *Veiledning for myndighetsutøvelse av tilsyn utført av brann- og feiervesenet* som DSB gav ut i 2006, er registrering av særskilde brannobjekt definert som enkeltvedtak. Bakgrunnen er at den tidlegare forskrifta om brannførebygging (FOR 1990-07-05-546)²² inneheldt spesielle tekniske krav til særskilde brannobjekt, jf. kapittel 4 om rømningsvegar, brannalarm-anlegg og sprinkelanlegg. Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn av 2002 (FOR 2002-06-26-847),²³ som erstatta 1990-forskrifta, opprettheldt krav til tekniske tiltak i særskilde brannobjekt.

Gjeldande forskrift om brannførebygging frå 2015²⁴ inneheld ikkje materielle krav til særskilde brannobjekt, og registreringa inneber einast ei plikt for brann- og redningsvesenet til å gå tilsyn. Ei slik avgjerd er ikkje *bestemmande for rettane og pliktene til private*, jf. definisjonen av enkeltvedtak i fvl. § 2 bokstav b.

Registrering av særskilde brannobjekt, jf. § 13 første ledd blir etter gjeldande regelverk rekna som prosessuell avgjerd og ikkje som enkeltvedtak.

Dei særskilde brannobjekta skal registrerast i tråd med brann- og eksplosjonsvernlova § 13 første ledd, og tilsynsobjektet – både eigar og brukar, (eigar/verksemda) – må orienterast om registreringa.

Konsekvensen er at eigar/verksemd ikkje har høve til å klage på risikovurderinga til brann- og redningsvesenet og valet av tilsynsobjekt. Kort sagt inneber denne konklusjonen at forvaltingslova kapittel. IV, V og VI ikkje skal brukast ved registrering og utveljing av tilsynsobjekta, men først når og dersom tilsynet avdekkjer avvik og tilsynsobjektet blir pålagt retting m.m. Eit pålegg om retting er eit enkeltvedtak, jf. forvaltingslova § 2 første ledd bokstav b, det er mogleg å klage på. Sjå kapittel 9 i denne rettleinga for mer informasjon om reaksjonsformer og høvet til å klage.

TIPS: Når ein tidlegare registrerte objekt som særskilde brannobjekt, måtte brann- og redningsvesenet innhente faktagrunnlag frå eigar eller brukar i forkant av registreringa. Vi anbefaler framleis at det er dialog i forkant av registreringa, slik at de har best mogleg grunnlag for planlegging og gjennomføring av tilsyn.

22 Forskrift om brannførebyggjande tiltak og brannsyn, FOR-1990-07-05-546 (oppheva)

23 Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn, FOR-2002-06-26-847 (oppheva)

24 Forskrift om brannførebygging, FOR-2015-12-17-1710 (gjeldande): <https://lovdata.no/pro/#document/SF/forskrift/2015-12-17-1710?searchResultContext=62455371&rowNumber=1&totalHits=456>

3.5 AVREGISTRERING AV OBJEKT

Dersom eit særskilt brannobjekt blir vurdert å ikkje lenger oppfylle risikokriteria som var utgangspunktet for registreringa, skal det avregistrerast. Dette skal dokumenterast, og er eit naturleg ledd i risikovurderinga. Det er tilsynsmaktene som har ansvaret for den faglege vurderinga.

Døme på grunngiving for avregistrering:

Eksempelbygg1 (gnr1/bnr1) har endra verksemd frå salslokale til bilverkstad. Risikovurderinga viser at faren for liv og helse ved brann no er minimal, og ikkje vil råke mange personar direkte. Risikovurderinga viser at faren for skade på miljøet ved brann er auka, men ikkje er så høg at det trengst merksemd frå brann- og redningsvesenet. Eksempelbygg gnr. 1 / bnr. 1 blir avregistrert ut frå ei heilskapleg vurdering.

Grunngivinga for avregistrering er – på lik linje med grunngivinga for registreringa – eit ledd i risikovurderinga. Eigar/verksemd har ikkje krav på varsel om avregistrering, da dette berre er ei prosessuell avgjerd som inneber at det ikkje vil bli gjennomført tilsyn. DSB anbefaler likevel at eigar og bruker får skriftleg beskjed om avregistreringa. Praktisk sett inneber avregistreringa at objektet ikkje lenger blir rekna som risikoobjekt, og blir fjerna frå lista.

3.6 TILSYN MED BRANNTRYGGLEIKEN I OMSORGSBUSTADER

Omsorgsbustader omfattar ulike typar bustader som er tilrettelagde for personar med særskilde hjelpe- og/eller tenestebehov. Omsorgsbustader kan vere eigde av kommunane, organiserte som burettslag eller sameige med brukarane sjølv som eigarar, eller på andre måtar. Tilrettelegginga kan til dømes vere at bustaden er knytt til fellesareal, og/eller er tilrettelagd for heildøgns helse- og omsorgstenester.²⁵

I tråd med helse- og omsorgstenestelova § 3-7²⁶ og sosialtjenestelova § 15²⁷ har kommunen plikt til å medverke til å skaffe bustad til vanskelegstilte som ikkje sjølv kan vareta interessene sine på bustadmarknaden. Brukarane kan ha ulike utfordringar som følgje av alder, funksjonshemming eller andre årsaker som også medfører behov for bustad med særleg tilpassing, hjelp og vernetiltak.

Denne *bruken* kan auke risikoen for brann, og bebruarane vil ofte trenge bistand for å kunne kome seg i tryggleik. Slike brukarar er gjerne ekstra sårbare for brann og treng hjelp til å vareta branntryggleiken.

Eigarane av bygningane kan vere kommunen sjølv eller eventuelt private aktørar, og eventuell leigeperiode kan variere frå nokre dagar til månader og år.

Brann- og redningsvesenet kan bidra til auka branntryggleik i omsorgsbustadene gjennom tilsyn med internkontrollen til *verksemda*.

3.6.1 HEIMEL TIL Å GJENNOMFØRE TILSYN

Eit større kompleks, med mange omsorgsbustader og mange brukarar, kan reknast som særskilt brannobjekt fordi ein *brann kan medføre tap av mange liv*.

²⁵ <https://www.helsenorge.no/hjelpetilbud-i-kommunene/kommunal-bolig-boliger-med-serlige-tilpasninger/>

²⁶ Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse- og omsorgstenestelova) 24. juni 2011 nr.30, § 3-7 om bustader til vanskelegstilte: *Kommunen skal medverke til å skaffe bustader til personar som ikkje sjølv kan vareta interessene sine på bustadmarknaden, derimellom bustader med særleg tilpassing og med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det grunna alder, funksjonshemming eller andre årsaker*

²⁷ Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltinga (sosialtenestelova) 18. desember 2009 nr. 131 § 15 om bustader til vanskelegstilte: *Kommunen i arbeids- og velferdsforvaltinga skal medverke til å skaffe bustader til vanskelegstilte som ikkje sjølv kan vareta interessene sine på bustadmarknaden.*

Ikkje berre bygningar, men også offentlege og private verksemdar (uavhengig av organisasjonsform) kan registrerast som særskilde brannobjekt, jf. § 13 første ledd jf. § 4 bokstav f, så lenge ein brann i verksemda/objektet kan medføre meir enn alminneleg risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø eller materielle verdiar. Dette inneber at den kommunale *verksemd med å huse vanskelegstilte* blir omfatta. Korleis den offentlege verksemda faktisk blir registrert (med bustadadresser eller namn på verksemd) er ikkje vesentleg. Det avgjerande er forståing av kven som sit med ansvaret for verksemda og dermed er tilsynsobjekt, og kva som skal kontrollerast (kontrollomfanget).

3.6.2 KVA FORHOLD SKAL DET FØRST TILSYN MED?

Heimelen for tilsyn i § 13 andre ledd omfattar alle forhold som er av betydning for branntryggleiken, både branntekniske tilsyn med byggverket (retta mot eigar av bygget) og organisatoriske tilsyn (tilsyn med internkontrollen retta mot verksemda/bruken).

Når det gjeld omsorgsbustader, er den auka brannrisikoen knytt til verksemda og bruken av byggverket. Tilsyn av branntryggleiken blir dermed naturleg nok retta mot kommunen som ansvarleg for *verksemda med å huse vanskelegstilte*.

Interkontrollforskrifta § 4 slår fast at den ansvarlege for verksemda har ansvaret for internkontrollen. I dette tilfellet er det kommunen, som har eit lovpålagt ansvar for å skaffe bustad til vanskelegstilte.

I samsvar med brann- og eksplosjonsvernlova § 19 skal verksemda sørgje for at *tryggleik med omsyn til brann, eksplosjon, handtering av farleg stoff (...) blir vareteke på ein forsvarleg måte*. Dersom kommunen også eig byggverket, gjeld i tillegg brann- og eksplosjonsvernlova § 6, som slår fast at eigar har plikt til å gjennomføre nødvendige sikringstiltak.

Dersom kommunen leiger byggverket, må kommunen sikre at nødvendig branntryggleik, derimellom tekniske tiltak, blir vareteke i avtale med eigar av bygget.

3.6.3 KONTROLLOMFANGET:

I og med at brannrisikoen er knytt til verksemda (bruken) vil tilsynet måtte rettast mot internkontrollen til verksemda. Tilsyn med byggverket (derimellom kontroll med branntekniske installasjonar, sløkkjeutstyr, deteksjon, overvaking m.m.) kan inngå som ledd i internkontrollen i form av *stikkprøvekontrollar* saman med kommunen – sjå under.

Som ansvarleg for verksemda skal kommunen, som plikt-/tilsynsobjekt, inneha eit internkontrollsystem som varetek branntryggleiken i bustadene til desse utsette gruppene, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 8 og interkontrollforskrifta. Det er difor kommunen som skal leggje fram dokumentasjon på at branntryggleiken for denne verksemda/bruken er vareteken gjennom eige internkontrollsystem (risikoanalyse, eventuelle avtalar med driftsoperatør og byggeigar, rutinar, retningslinjer m.m.). Dette gjeld også dersom dei lovpålagte oppgåvene er sette ut til private aktørar. Det er den ansvarlege for verksemda som må undersøkje om oppdragstakarane har tilfredsstillande internkontroll. Skjerpa krav til branntryggleik som følgje av bruk, skal vere dokumenterte. Til dømes i avtalen mellom høvesvis kommunen og dei private aktørane.

Dersom kommunen har valt å opprette eit kommunalt føretak for å vareta oppgåva med å sikre bustader til vanskelegstilte, er kravet til internkontroll teke med i kommunelova § 9-13. Ifølgje denne, skal dagleg leiar a) *utarbeide ei beskriving hovudoppgåvene, måla og organiseringa til verksemda*, b) *ha nødvendige rutinar og prosedyrar*, c) *avdekkje og følgje opp avvik og risiko for avvik*, d) dokumentere internkontrollen i nødvendig form og omfang, og e) evaluere og eventuelt betre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

Til dømes kan kommunen følgje opp avtalen med tredjepart/driftsoperatør ved fysiske stikkprøvekontrollar. Dokumentasjon frå slike kontrollar bør etterspørjast av brann- og redningsvesenet. *Eigenkontroll-rapportane* er viktig dokumentasjon av internkontrollen. Desse kontrollane bør naturleg vareta også ein kontroll av branntryggleiken.

Brann- og redningsvesenet kan, som ledd i tilsyn med internkontrollen, gjere stikkprøvekontrollar i enkeltbustader. Stikkprøvekontrollane er ikkje å sjå som ordinært tilsyn med byggverket. Dei blir gjennomførte som ledd i tilsynet med internkontrollen, for å verifisere sistnemnde. Dette inneber 1) ein kontroll med kor vidt branntryggleiken er i tråd med dokumentasjonen (rutinar og avtalar) og 2) om dei faktiske brannsikringskrava som kommunen har stilt overfor byggeigar og/eller driftsoperatør, er tilstrekkelege.

3.7 TILSYN MED BRANNTRYGGLEIKEN I DESENTRALISERTE ASYLMOTTAK

UDI har på vegner av staten ansvaret for drifta av asylmottak.

Tilsyn med branntryggleik i desentraliserte asylmottak skal, på linje med tilsyn av branntryggleik i omsorgsbustader, gjennomførast etter internkontrollprinsippet.

På heimesidene til UDI finn vi rapporter frå kontraktoppfølginga og kontrollar av driftsoperatørane: <https://www.udi.no/asylmottak/tilsyn-med-og-kontroll-av-asylmottak/>. Her går det mellom anna fram at UDI har gjort ei synfaring av bustadmassen, men ikkje kva som var formålet med synfaringa.

Ei målsetjing bør vere at synfaringa og/eller kontrollane frå UDI av bustadmassen også varetek kontroll med branntryggleiken. Dette er noko som brann- og redningsvesenet bør kontrollere og eventuelt rettleie om gjennom tilsyna sine.

Grundig og god rettleiing frå brann- og redningsvesenet kan bidra til å redusere behovet for tilsyn frå brann- og redningsvesenet, då UDI gjennom eigenkontrollane sine allereie har vareteke branntryggleiken hos asylmottaka på ein god måte.

3.8 TUNELLAR, VERNEVERDIGE EIGEDOMAR M.M.

3.8.1 TUNELLAR

Ein tunell er eit objekt der ein brann fort kan få alvorlege konsekvensar i form av mange omkomne.

Tidlegare har ein anbefalt å registrere vegtunellar over ei viss lengd (500 meter) som særskilde brannobjekt. I forskrift om brannforebygging er det ikkje oppgitt lengde, då det er den kommunale risikovurderinga og særtrekka ved tunellen eller verksemda han blir nytta til, som skal leggast til grunn for registreringa av ein tunell som særskilt brannobjekt.

Risikovurderinga må vere basert på lengda på tunnelen, trafikkarbeid, tilstand, tilkomst for innsatsmannskap osv. Risikoanalysar og vurderingar bør hentast inn frå eigar og leggast til grunn for vurderinga til styresmaktene.

Jarnbane- og banetunellar kan registrerast som særskilde brannobjekt, då det regelmessig vil opphalde seg mange menneske der. Før det blir teke ei avgjerd om registrering, vil det også her vere nyttig for kommunen å gjere seg kjend med korleis eigaren sjølv har vurdert tryggleiken i tunellen.

Det blir presisert at det er kommunen som tek den endelege avgjerda om utveljing og registrering av særskilde brannobjekt, uavhengig av kva risikoanalysar eigar måtte ha gjort.

For tilsyn med vegtunellar kan brann- og redningsvesenet be om innsyn i Trygg Tunnel ved å kontakte Statens vegvesen.

«Trygg tunnel gir den daglege oversikta over vegtunnelar for brukarane. Verktøyet er delt i to delar: inspeksjonar og forvaltning. Inspeksjonsløyisinga blir nytta til å planleggje og gjennomføre ein periodisk inspeksjon. Forvaltingsløyisingen blir nytta til å følgje opp innrapporterte avvik frå periodisk inspeksjon.»

Les meir om Trygg Tunnel her: <https://www.vegvesen.no/fag/teknologi/tunnelar/forvaltning/trygg-tunnel/>

3.8.2 BYGNINGSMASSEN TIL FORSVARET

Bygg og anlegg som høyrer til Forsvaret, må behandlast i samsvar med lov om nasjonal tryggleik (tryggleikslova) når det gjeld oversikt og identitet. Offentleggjing av særskilde brannobjekt som er graderte, må vurderast i tråd med krava i tryggleikslova. Det vil i enkelte objekt, eller delar av objekt, vere krav til tryggleiksklarering av personell som skal utføre tilsyn.

Det same vil kunne vere tilfelle for mottak av graderte dokument. Dersom tilsynsmakta får gradert materiale frå Forsvaret, skal tryggleikslova med forskrifter følgjast. Vi oppfordrar til å ha ein dialog med forsvaret om krava til, og behovet for, klareringar.

3.8.3 FREDA BYGG OG OMRÅDE MED TETT VERNEVERDIG TREHUSBUSSETNAD

Freda bygg og registrerte område med verneverdig tett trehusbusetnad med fare for områdebrann er utpeikte som «*uerstattelege nasjonale kulturverdiar*», og kjem dermed inn under nullvisjonen i St.m. nr 41 (2000–2001). Det er naturleg at tilsynsmaktene nyttar seg av verkemidla dei har tilgjengeleg for å bidra til at det ikkje oppstår tap av denne typen objekt som følgje av brann.

Ansvar for verneverdig tett trehusbusetnad er i hovudsak delt mellom kommunane og eigarane av bygga, men fylkeskommunane og Riksantikvaren har også nokre oppgåver.²⁸

Kommunar som har verneverdig tett trehusbusetnad, bør vurdere dette som satsingsområde for det førebyggjande og beredskapsmessige arbeidet.



Sjå også:

<https://www.riksantikvaren.no/veileder/tilskudd-til-brannsikring-av-tette-trehusomrader/>

<https://byantikvaren.files.wordpress.com/2015/05/bybrannveileder.pdf>

Regelverket for tilsyn er retta mot enkeltobjekt med éin eller eit fåtals eigarar. Difor møter vi praktiske og formelle problem når vi skal utføre tilsyn i brannobjekt som består av mange einingar med ulike og mange eigarar, slik det er tilfellet i område med verneverdig tett trehusbusetnad. Vi vil av den grunn ikkje anbefale å heimle tilsynet i tett trehusbusetnad gjennom å registrere området som særskilt brannobjekt, men i staden vedta tilsyn gjennom å etablere ei lokal forskrift som heimlar tilsynet.

Innrett tiltaket mot brannsikringsplanen

Hensikta med brannsikringsplanar i verneverdig tett trehusbusetnad er ikkje primært persontryggleik eller verdisikring av enkeltbygg. Det er for å unngå områdebrannar der eit heilt bygningsmiljø kan bli øydelagt. Som oftast er dei fleste bygga bustader der bebuarane er sikra gjennom vanlege sikringstiltak for denne typen bygg: røykvarslar, slökkjeutstyr og krav til frie røymingsvegar. Tilsynet må difor rettast inn mot informasjon om generelle brannførebyggjande tiltak og faren for brannsmitte mellom dei enkelte bygga.

4. PLANLEGGING AV TILSYN

Eit godt gjennomført tilsyn krev god planlegging og tilstrekkeleg tid. Tilsyn er ein prosess som ikkje er fullført før alle eventuelle avvik er ferdigstilte. God planlegging inneber at du har kjennskap til historikk, bruk, hendingar, godkjenningar osv. Det å vise interesse og ha kjennskap til verksemda og bygget vil ofte gi eit fortrinn både for sjølve gjennomføringa og for dialogen med eigaren/verksemda.

4.1 MÅL OG FØRINGAR FOR TILSYNET

4.1.1 SYSTEMATISK TILNÆRMING

Formålet med tilsynet frå brann- og redningsvesenet er å sørge for at *byggverk, opplag, område, tunnelar, verksemder m.m. er tilstrekkeleg sikra mot brann*, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 13 andre ledd.

Den overordna målsetjinga med tilsynet er å førebyggje brann.

Dette blir gjort ved å kontrollere at eigar og brukar jobbar forsvarleg med førebyggjande arbeid for å hindre at brann oppstår, og for å redusere konsekvensane av brann.

²⁸ <https://www.riksantikvaren.no/veileder/tilskudd-til-brannsikring-av-tette-trehusomrader/>

Brann- og eksplosjonsvernlova § 6 første ledd slår fast at eigar av byggverk, område, transportmiddel, produksjonsutstyr, anna innretning eller produkt pliktar å *sørgje for nødvendige sikringstiltak for å førebyggje og avgrense brann, eksplosjon eller andre ulukker*. Ifølgje § 6 andre ledd, pliktar eigar i tillegg å sjå til at sikringstiltaka til ei kvar tid fungerer etter hensikta. Føresegna tillegg eigaren ansvaret for brannsikringa.

For å redusere omfanget av feil som går att, og for å sikre at eigarane er medvitne om brannsikringsansvaret dei har, er det viktig med eit systemorientert tilsynsfokus. Dette inneber å granske bakanforliggjande årsaker til feil og manglar framfor å liste opp enkeltavvik. T.d. kan årsaka vere manglande kompetanse / mangelfull opplæring, manglande rutinar m.m. Dette er tankegangen bak internkontrollforskrifta og kravet til systematisk HMS-arbeid som alle *verksemdar*²⁹ er pålagde å følgje og etablere.

I forarbeida til brann- og eksplosjonsvernlova³⁰ går følgjande fram: *Komiteen meiner det er viktig at internkontrollplikta kjem direkte fram i lova og at tilsynsverksemda blir basert på internkontrollprinsippet. Dette betyr at verksemdene må kunne dokumentere overfor tilsynsstyresmaktene at lova og forskriftene blir følgde opp. Gjennom å plassere ansvaret for tryggleiken hos verksemdene stimulerer ein til nytenking og kreativitet i arbeidet med å fremje auka tryggleik.*

På side 4 går det fram følgjande: *Komiteen er samd i at risikovurderingar og risikoanalysar skal vere det viktigaste grunnlaget for tryggleiksrelaterte avgjerder og tiltak i verksemdene. På same måte skal risikoanalyse vere den viktigaste dokumentasjonen for HMS-arbeidet til verksemdene overfor tilsynsstyresmaktene. Komiteen vil presisere kor viktig det er at det blir gjort ei kvalifisert tryggleiksvurdering hos dei respektive verksemdene. Det er overordna viktig at det blir stilt krav til kvalitet og innhald i tryggleiksanalysane. Dårlege risikoanalysar vil gi svekt tryggleik og tilsyn. Heile lovreforma avheng av ei god kvalitetssikring av risikoanalysane (understrekinga er gjort av DSB).*

Dette inneber at både verksemdene som blir kontrollerte, og brann- og redningsvesenet som tilsynsmakt, skal ha ei systematisk tilnærming til auka brannsikring.

Eit målretta og systematisk tilsynsarbeid er nødvendig for å redusere brannane.

4.1.2 KLARE MÅLSETJINGAR

For å sikre måloppnåing for tilsynsarbeidet blir det i tillegg til risikovurderinga og registreringa av særskilde brannobjekt anbefalt å utarbeide klare målsetjingar som ledd i den systematiske tilnærminga. Dette inngår i planlegginga av det førebyggjande arbeidet, jf. forskrift om brannførebygging § 15. Målsetjingane bør vere konkrete (SMARTE)³¹ nok til å kunne målast. På denne måten vil brann- og redningsvesenet kunne evaluere³² om tilsyn er rett verkemiddel for dei enkelte forholda, eller om man til dømes ville ha kome lengre i det brannførebyggjande arbeidet gjennom andre tiltak som t.d. informasjon, jf. forskrift om brannførebygging § 19 tredje ledd.

Ved gjennomføring av tilsynsaksjonar eller retta tilsyn mot enkelte risikoverksemdar, bør det utarbeidast mål og føringar for tilsynet. Målsetjingane skal vere relaterte til brannrisikoen, og eigna for evaluering. Dette er spesielt viktig ved samarbeid med andre tilsynsmakter, men også når brann- og redningsvesenet gjennomfører tilsyn åleine.

29 Sjå kommentarane til forskrifta om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (internkontrollforskrifta) § 2: Forskrifta omfattar både offentleg og privat verksemd av alle slag, alle former for næringsverksemd (føretak/bedrift), derimellom forbrukartenester. Også offentleg forvaltning og offentleg tenesteyting er omfatta. Privatpersonar/forbrukarar er derimot ikkje omfatta av forskrifta

30 Innst. O. nr. 45 (2001-2002) Innstilling frå kommunalkomiteen om lov om vern mot brann, eksplosjon og ulukker med farleg stoff og om redningsoppgåvene til brannvesenet (brann- og eksplosjonsvernlova) og om endringar i arbeidsmiljølova Ot.prp. nr. 28 (2001-2002), side 3

31 SMARTE er ei forkorting for spesifikke, målbare, attraktive, realistiske, tidfestet og evaluerbare mål

32 Sjå forskrift om brannførebygging § 20 første ledd

I tilsynsaksjonen hausten 2020 utarbeidde DSB og Miljødirektoratet i fellesskap Føringar for tilsyn med avfallsanlegg [sjå vedlegg 3]. I tillegg til praktisk informasjon inngår både målsetjing og tema for tilsyna.

Målsetjinga for den landsdekkande tilsynsaksjonen er å redusere brannar og miljøpåverknaden av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene jobbar forsvarleg med førebyggjande arbeid for å hindre at brannar skjer, og å redusere miljøpåverknaden dersom det likevel oppstår brann.

Delmåla er å

- *auke branntryggleiken i avfallsfraksjonane (mottak og lagring)*
- *betre kvaliteten på brannrisikovurderingar*
- *reducere potensialet for miljøpåverknad ved brann (avrenning, luftforureining m.m.)*
- *auke branntryggleiken i byggverk for mottak, oppbevaring og behandling av avfall*
- *skape auka merksemd rundt effekten (meirverdien) ved samarbeid mellom styresmaktene*

Kombinert med relevante sjekklister vil målsetjingar og føringar bidra til auka kvalitet i det brannførebyggjande arbeidet, samstundes som tilsynsmakta opptrer einskapleg overfor verksemdene uavhengig av kva bakgrunn tilsynspersonellet har.

4.2 VAL AV TILSYNSMETODE

Tilsynsmetodane kan grovt delast inn i tre kategoriar: revisjonar, inspeksjonar og andre tilsynsformer. Best eigna tilsynsmetodikk må veljast ut frå særtekka ved objektet, grunnlaget for tilsyn og utanforliggjande forhold (t.d. pandemi).

4.2.1 REVISJONAR

Dette er ein kontrollmetode som inneber ein systematisk kontroll av styringssystemet/internkontrollsystemet til verksemda for å slå fast om verksemda blir utøvd i tråd med krava som går fram av lov, forskrift eller enkeltvedtak. Sagt med andre ord vil tilsynsmakta føre tilsyn med det systemet verksemda har for å kontrollere seg sjølv (t.d. internkontrollen).

Ein revisjon vil normalt omfatte ein gjennomgang av relevant dokumentasjon, intervju og synfaringar for verksemda. Eit sentralt spørsmål er om verksemda har eit internkontrollsystem som bidrar til etterleving av regelverket.

Revisjon kan avdekkje grunnleggjande svakheiter i systemet i staden for eller i tillegg til enkeltstående feil og manglar. Metoden er ei grundig og ressurskrevjande tilsynsform. Ho eignar seg difor godt til å undersøkje om praksisen til verksemda er underlagt styring, eller om det er meir opp til enkeltpersonar eller tilfeligheiter at verksemda etterlever krava frå styresmaktene.

4.2.2 INSPEKSJONAR

I denne kontrollmetoden går ein gjennom utvalde tema i verksemda for å slå fast om verksemda oppfyller krav gitt i lov, forskrift eller enkeltvedtak på dei utvalde områda. Ein inspeksjon kan vere anten varsla (normalt) eller uanmeld, og er mindre omfattande når det gjeld omfang, tema og ressursar involvert enn ein revisjon.

Metoden vil difor eigne seg godt for små og mellomstore verksemder. Inspeksjonen kan gjerast som ledd i rutinemessig tilsyn, eller på grunnlag av andre forhold som t.d. bekymringsmeldingar og hendingar (sjå hendingsbasert tilsyn).

Ein inspeksjon kan vere tematisk avgrensa til spesielle risikoforhold ved verksemda.

Inspeksjonar (varsla) – dette er den mest vanlege metoden som brann- og redningsvesenet nyttar i dag. Det er også anbefalt tilsynsmetode dersom det ikkje skal gjennomførast revisjonar.

Inspeksjonar (ikkje varsla) – dette blir i all hovudsak nytta der risikoen kan vere uakseptabel eller det er mistanke om uærlegdom. Døme på ikkje-varsla fysisk tilsyn kan vere nattkontroll på utestader.

Felles for inspeksjonane er at det blir gjort verifikasjon på staden. Det betyr ikkje at heile tilsynet må gjerast på staden. Det kan til dømes gjennomførast dokumentgjennomgang på kontoret, etterfølgt av verifisering på objektet.


4.2.3 ANDRE TILSYNSFORMER

Dokumentkontroll – Tilsynsobjekta sender inn dokumentasjon knytt til kontrolltema til tilsynsstyremaktene for gjennomgang og verifikasjon. Dette kan innebære å sjå på om tekniske dokumentasjon, samsvarserklæring, produktdatablad er i orden.

Dokumentkontrollen skil seg frå andre tilsynsformer ved at det ikkje blir gjennomført oppstartsmøte, intervju, synfaring på staden og avslutningsmøte med verksemda.

Tilsynsaksjon (felles med andre styresmakter) – Felles tilrettelagde kontrollar av mange tilsynsobjekt i same bransje og/eller tema, der resultatata kan stillast opp på tvers av tilsynsobjekta.

Hendingsbasert tilsyn – Eit hendingsbasert tilsyn er ein reaksjon på ei konkret hending. Hendingsbaserte tilsyn vil kunne avdekkje individsvikt eller systemsvikt ute i verksemdene. Opplysningar om hendinga kan kome frå forskjellige kjelder som til dømes klager, lokalaviser eller bekymringsmeldingar.



Kjelde: Tilsynsrettteiar NVE

4.3 SAMARBEIDE MED ANDRE

Gjennomføring av tilsyn er ei lovregulert utøving av mynde. Ulike tilsynsmakter skal dekke mange fagområde med ulike regelverk. Dette gir stor variasjon i korleis eit tilsyn blir planlagt og gjennomført. Tilsynsmaktene bør difor ha like retningslinjer for samordna tilsyn.

For ei verksemd kan ulike tilsyn frå fleire styresmakter på kort tid og stor variasjon i gjennomføringa av tilsyn bli opplevd som forvirrande og frustrerende. Dette kan spesielt vere tilfellet der fleire tilsynsmakter dekkjer same regelverk (t.d. internkontrollforskrifta) og gir ikkje-koordinerte råd, avvik og merknader.

Dersom ei tilsynsmakt veit at andre styresmakter skal dekkje same område og same verksemd innanfor ein tidsperiode, bør tilsyna samordnast.

Samordna tilsyn overfor ei yrkesgruppe, ein bransje, eit geografisk område, eit temaområde eller som definert fellesaksjon, kan gi effektivitetsgevinst både for tilsynsmaktene og verksemda, i tillegg til å fremje heilskapstenking og kompetanseutvikling. Samordning av tilsyn betyr ikkje nødvendigvis at tilsyna skal gjennomførast samstundes. Det kan innebere både koordinerte og samtidige kontrollar.

AKTUELLE SAMARBEIDS- OG SAMHANDLINGSAKTØRAR:

EKSTERNT:

- *Andre tilsynsmakter (Mattilsyn, DLE, Arbeidstilsynet, NSO, Miljøretta helsevern mfl.)*

INTERNT:

- *Byggjesaksavdelinga/planavdelinga i kommunen.*
- *Beredskapsavdelinga og feiaravdelinga i brann- og redningsvesenet.*

TIPS: Dersom tilsynsmakta har hatt same samarbeidsressurs over tid, kan det vere lurt å skifte eller invitere inn nye relevante styresmakter. Til dømes tilsyn i landbruket saman med Mattilsynet, Arbeidstilsynet og EL-tilsynet.

TIPS: Viss det har blitt ein vane at tilsynsmakta har vore den som har leia tilsynet over tid, kan det vere interessant å skifte roller slik at ei anna styresmakt blir sett som leiande. Ved å ta et steg tilbake, observere og lytte aktivt kan vi lære av andre som også har mykje kompetanse, men som gjer ting på ein litt annan måte. Over tid kan dette bidra til å spele kvarande gode. Både i leiing av tilsyn og ved å lære av korleis andre går fram overfor eit tilsynsobjekt.

4.4 SJEKKLISTE

4.4.1 HENSIKT

Når temaet for tilsynet er bestemt, kan det vere nyttig å utarbeide av sjekklister. Formålet med sjekklistene er å oppnå god kvalitet på tilsynet.

Sjekklista er eit godt arbeidsverktøy og blir utarbeidd i samband med planlegging og førebuing av tilsynet.

Det er likevel viktig å hugse at ei sjekkliste er ei rettleiing i dialogen med tilsynsobjektet, og ikkje nødvendigvis er ment som ei spørjeliste.

4.4.2 UTARBEIDING AV KONTROLLPUNKT

Utgangspunktet for sjekklista er regelverket som tilsynsmakta skal kontrollere etterlevinga av.

Sjekklista vil vidare bli påverka av kva særskilt brannobjekt som skal kontrollerast. Kontrollpunkta vil variere mykje avhengig av om kontrollen av branntryggleiken er konsentrert rundt byggverket, området eller verksemda.

God planlegging og utarbeiding av relevante kontrollpunkt knytt til brannrisikoen er avgjerande for kvaliteten på tilsynet.

Kunnskap om brannrisikoen i dei enkelte særskilde brannobjekta er ikkje alltid like tilgjengeleg. I samband med tilsynsaksjonen 2020 utarbeidde RISE ei risikokartlegging av avfallsanlegga.³³ Denne kartlegginga var avgjerande for utforminga av kontrollpunktta rundt brannrisikoen i avfallsanlegg.

4.4.3 RETTLEIING TIL SJEKKLISTE

I tillegg til sjølve sjekklista, er det enkelte gongar også viktig med rettleiing til denne. Dette fordi det kan vere behov for forklaring av dei enkelte kontrollpunktta utover tilvising til dei enkelte føresegnene. Dette er spesielt viktig når det blir gjennomført kontrollar av funksjonsbasert regelverk.

Når det gjeld døme på form og innhald til ei slik rettleiing, viser vi til den som blei utarbeidd i samband med tilsynsaksjonen 2020 [sjå vedlegg 4].

Start gjerne tilsynet med spørsmål om deltakarane. Kven dei er, roller, erfaringar osv.

Noter ned namn, rolle og kontaktinformasjon for kvar deltakar. Spør om verksemda og ver nysgjerrig. Dette kan bidra til lågare skuldrar hos tilsynsobjektet.

Når du førebur spørsmål for tilsynet, er det viktig at du tenkjer gjennom korleis spørsmåla du vil stille spørsmåla (opne, leiande, lukka, konkluderande). Ein bør alltid byrje med opne spørsmål. Døme: Korleis kartlegg de risiko i verksemda.

4.5 RAMMER FOR TILSYNET

I planlegginga bør de vere tydelege på kva rammer som gjeld for tilsynet. Still til dømes følgjande spørsmål:

- Kor lenge varer tilsynet?
- Kor mange stiller på tilsynet?
- Kva kompetanse må vere med på tilsynet?
- Korleis skal de vise dykk? Med uniform eller ikkje?
- Transport.
- Behov for personleg verneutstyr eller andre praktiske element.

4.6 PLANLEGG SLUTTMØTE

Sluttmøte kan ofte vere ein viktig del av tilsynet. Her vil du ha høve til å leggje fram avvik og anbefalningar på ein god måte. Eit sluttmøte gjer det ofte mogleg å oppklare uklare punkt eller mistydingar og skape ei gjensidig plikt til å lukke avvika. Tenk over følgjande:

- Skal vi ha sluttmøtet?
- Kven skal vere med på sluttmøtet?
- Når skal sluttmøtet gjennomførast?
- Kor skal sluttmøtet gjennomførast?
- Kor lang tid skal sluttmøtet ta?



TIPS:

- Matrikkeldata kan vere eit nyttig verktøy ved planlegging av tilsyn.
- Sjekk heimesida til verksemda, du finn der mykje nyttig informasjon.
- Eit tankekart kan vere eit godt verktøy i planlegginga av tilsyn. Sjå: (set inn ev. lenkje her)
- NB: Vit kor du skal og kor du skal møte. Det er aldri ein god start på tilsynet å kome for seint eller bomme på avdelinga.
- Planlegg tidsbruken nøye og ikkje bruk meir tid enn du absolutt må. Viss du har sett opp eit tidsskjema, følgjer du dette.
- Dersom du skal ha med rettleiarar eller relevante lenkjer for tilsynet, førebur du desse i forkant.
- Vurder habilitet.
- Gå gjennom eller send ut opplysningsskjema for tilsyn i forkant.

³³ <https://www.dsb.no/rapporter-og-evalueringer/branner-i-avfallsanlegg/>

5. GJENNOMFØRING AV TILSYNET

5.1 VARSEL OM TILSYN

Det blir oppfordra til varsla tilsyn der eigar/brukar (eller representant for brukar) er til stades ved oppstarts- og avslutningsmøta. Det blir her vist til brann- og eksplosjonsvernlova § 34 tredje ledd, der det går fram at eigar, brukar, arbeidsgivar eller representant for desse har rett til, og kan påleggjast, å vere til stades under kontrollen. Umelde tilsyn kan finne stad ved behov.

I varsel om tilsyn blir det anbefalt at ein i tillegg til å informere om pliktene og ansvaret til eigaren orienterer om at anlegget er registrert som særskilt brannobjekt, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 6 og internkontrollen jf. § 8.

Sjå mal for varsel om tilsyn [Vedlegg 1].

Vidare bør varsel om tilsyn nyttast til å hente inn opplysningar om tilsynsobjektet. Behovet for opplysningar avheng av innhaldet i kontrollen. Dokumentasjonen som blir henta inn, må ha relevans for denne konkrete kontrollen.

Dersom det gjennom enkeltvedtak eller lokal forskrift er bestemt at det skal gjerast tilsyn med andre byggverk, jf. § 13 fjerde ledd, gjeld same rutine for registrering og varsel om tilsyn som for objekt som er omfatta av første ledd i føresegna. Det blir føresett at desse objekta inngår i risikovurderinga til brann- og redningsvesenet.

For at oversikta til brann- og redningsvesenet over tilsynsobjekt skal kunne seiast å vere komplett, må risikoobjekta etter både første og fjerde ledd sjåast under eitt og inngå i same oversikt. Først då vil kommunen ha fullt overblikk over dei *særskilde brannobjekta* det skal førast tilsyn med.

TIPS: Det er anbefalt å setje av nok tid til å verifisere dei faktiske forholda. Ein viktig del av tilsynet vil også vere å gi informasjon og rettleie verksemdene om krava i regelverket.

Når det gjeld den konkrete avtalen/dialogen med tilsynsobjektet om m.a. tid og stad og kven som skal vere til stades, blir følgjande anbefalt:

- Start med å ringje for å kome i kontakt med dagleg leiar av verksemda eller bygget (rett person). Hensikt er at å få avtalt tidspunkt for tilsynet med den ansvarlege for verksemda.
- Følg opp telefonsamtalen med eit skriftleg varsel per e-post om tilsyn.
- Spør etter brannteknisk dokumentasjon og risikoanalyse/vurderingar (dersom dette ikkje allereie er motteke).
- Informer verksemda om tema, slik at denne kan ha relevant dokumentasjon klar.

5.2 FØREBUING TIL MØTE MED TILSYNSOBJEKTET (VERKSEMDSLEIINGA)

5.2.1 ETIKK, HABILITET, LIKEBEHANDLING M.M.

Forvaltingslova (fvl.) inneheld regler om saksbehandling for alle offentlege organ, derimellom kommunen v/ brann- og redningsvesenet (les meir i kapittel 7.3.1). Formålet med forvaltingslova er i første omgang å leggje til rette for ei fullgod saksbehandling i forvaltninga som kan sikre *materielt korrekte resultat*.

Forvaltingslova og prinsipp for god forvaltningsskikk skal bidra til *god rettstryggleik og beskytte mot misbruk av mynde, vilkårlige avgjerder og usakleg forskjellsbehandling*. Ei anna side ved rettstryggleiksomgrepet er kravet til rettferdig, omsynsfull og rask saksbehandling.

Den som skal planleggje og gjennomføre eit tilsyn, må leggje til grunn reglane og prinsippa i forvaltingslova. Vurderingane og avgjerdene som tilsynsmakta gjer, skal i ettertid kunne etterprøvast i alle ledd.

Døme på vurderingar som tilsynsmakta må gjere:

- **Habilitet** må alltid vurderast. Inhabilitet vil sei at tilsynspersonalet har ei slik tilknytning til tilsynsobjektet/eigarane at det svekkjer tilliten til upartisk behandling. I tråd med forvaltingslova § 6 vil slektskap og andre særeigne forhold (t.d. vennskap eller eigarskap i ei konkurrerende verksemd til tilsynsobjektet) kunne innebere inhabilitet. Ein skal sjølv gjere vurderinga og eventuelt erklære seg inhabil. Dersom ein er inhabil, skal ein ikkje utføre tilsynet. Manglande habilitet er ein

ugyldighetsgrunn dersom inhabiliteten kan ha verka inn på innhaldet i vedtaket, jf. forvaltingslova § 41.

- **Likebehandling av tilsynsobjekt.** Som nemnt skal tilsynsobjektet beskyttast mot usakleg forskjellsbehandling. Døme: Utvalet av tilsynsobjekta vil kunne variere frå kommune til kommune, alt etter kva særskilde brannobjekt som ligg i den enkelte kommune. Risikovurderinga som ligg til grunn for utvalet av tilsynsobjekt (utført av tilsynsmakta), er avgjerande for kva særskilde brannobjekt som blir valde ut. At forskjellige objekt er valde ut for tilsyn frå kommune til kommune er ikkje å sjå som usakleg *forskjellsbehandling*.

Når det gjeld avvik og pålegg, er det på den andre sida avgjerande at tilsynsobjekta/eigarane blir behandla likt på tvers på kommunegrensene. Krav til likebehandling gjeld både pålegging og oppfølging av pålegg. Til dømes bør ei pålagt tvangsmulkt i Oslo vere like stor som ei pålagt tvangsmulkt i Trondheim for same type avvik/pålegg. Dette handlar om likebehandling for same type avvik på tvers av kommunegrensene.

- **Nødvendig kompetanse.** I tråd med dimensjoneringsforskrifta § 7-6³⁴ er kvalifikasjonskrava for førebyggjande personell følgjande:
Førebyggjande personell skal ha gjennomført yrkesutdanning i førebyggjande brannvern og ha anten: utdanning som ingeniør frå ingeniørhøgskule, anna relevant høgskuleutdanning eller særskild brannteknisk utdanning på same nivå, eller yrkesutdanning for brannkonstabel i heiltidsbrannvesen pluss beredskapsutdanning trinn I, eller fagutdanning som feiarsvein.

Vidare er det særskilt viktig at førebyggjande personell som utfører tilsyn, er profesjonelle og tillitsskapande i dialogen med tilsynsobjektet. Øving og trening gjeld også på dette området. I tillegg må ein vere kjend med tilsynsinstituttet som verkemiddel.

- **Krav til tryggleiksklarering.** Når brann- og redningsvesenet skal gjennomføre tilsyn i skjermingsverdige objekt, er hovudregelen at tilsynspersonellet må ha nødvendig tryggleiksklarering og/eller tilgangsklarering. Det blir her vist til tryggleikslova³⁵ og brev frå Nasjonal kommunikasjonsstyresmakt (NKOM) av 4. juni 2019 til DSB.³⁶

Dersom tilsynsrapporten inneheld tryggleiksgraderte opplysningar, blir det mint om kravet til gradering av informasjon, jf. tryggleikslova kapittel 5.

5.3 OPNINGSMØTE

Tilsynsobjekta varierer i storleik og kompleksitet. Ved planlegging og gjennomføring av tilsyn vil de kunne bli godt kjende med tilsynsobjektet, og kan ofte peike ut kva sentrale funksjonar i verksemda som kan bidra til størst mogleg effekt av tilsyn.

For tilsynsmakta kan det vere strategisk å sikre at både sentrale avgjerdstakarar, tillitsmannsapparatet, eigarar og brukar deltek i opningsmøtet.

Viss det ikkje er mogleg å få toppleinga sjølv med i opningsmøtet, kan tilsynsmakta gjerne vere tydeleg i dialogen før tilsynet og peike på andre med avgjerdsmynde og fagansvar i verksemda.

Opningsmøtet er eit unikt høve til å møte flest mogleg sentrale leiare samla, og leggje fram det tilsynsmakta ønskjer å framheve for verksemda.

§ 34

Brann- og eksplosjonsvernlova påpeikar at både eigar, brukar, arbeidsgivar, eller representant for desse både har rett til og kan påleggjast å vere til stades under kontrollen, jf. §34 tredje ledd.

- Opningsmøtet markerer ein formell oppstart på tilsynet, der hensikt og omfang for tilsynet blir lagt fram. Det blir forklart kort om metodeval og definisjonen for avvik (og merknader). Samstundes som det blir sikra oversikt over alle som er til stades, bør det undersøkjast at dei som eventuelt skal intervjuast, faktisk kan stille til det tidspunktet som er sett opp. Tilsynsmakta informerer om at ho har teieplikt med omsyn til intervju som skal gjennomførast.

³⁴ Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen, FOR-2002-06-26-729

³⁵ Lov om nasjonal tryggleik (tryggleikslova) LOV-2018-06-01-24

³⁶ Brev fra NKOM til DSB datert 4. juni 2019: https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/brann-og-redning-bre/prinsippavgjorelser/2019-06-04-tilsyn_skjermingsverdige-objekter_personell-ma-sikkerhetsklareres_brannvesen_sak-2019_3119.pdf

OPPNINGSMØTE – DØME PÅ AGENDA:

1. Innleiing
2. Presentasjon av tilsynsteam og deltakarar (lag liste)
3. Hensikt, omfang og heimel for tilsynet
4. Form og metode, definisjon av avvik/merknad
5. Informer om sluttmøte, rapport og avslutning
6. Gå gjennom og stadfest/juster planen for intervju
7. Eventuelt

Definisjonar og ordforklaring

Ved å bruke litt tid på å gå gjennom definisjonar og forklare fagtermar inkluderer ein deltakarane i ei felles plattform for den vidare dialogen i tilsynet.

5.4 KONTROLLEN (INTERVJU, GJENNOMGANG AV DOKUMENTASJON OG STIKKPRØVER)

De må planleggje tilsynet godt, slik at de får undersøkt dei faktiske momenta styresmakta ønskjer å få belyst. Sjekklistar [se kapittel 4.4] er eit godt hjelpemiddel for å sikre at alle relevante område blir gått gjennom og dekte under tilsynet. Det er samstundes viktig å sikre at de verkeleg har oppfatta og forstått det intervjuobjektet har ønskt å formidle.

Ved eit tilsyn er det viktig å sikre rett forståing ved å lytte aktivt, følgje opp og konkludere.

Lytt: Bruk opne spørsmål for å få fram ein versjon som i størst mogleg grad er objektiv (Kva er dykkar / Korleis handterer de... / Kan du fortelje om... / kan du beskrive...).

Følg opp: Lytt aktivt til korleis intervjuobjekta framstiller fakta (munnleg språk og kroppsspråk), og følg opp med relevante spørsmål for å få saka best mogleg opplyst (Du seier at... / kan du utdjupe...).

Konkluder: Oppsummer og samanfatt historia til intervjuobjektet med konkluderande spørsmål (Har eg forstått det rett at...).

Ut frå informasjonen som tilsynsmakta har innhenta på førehand ved å gå gjennom tilsend dokumentasjon, tidlegare tilsynsrapportar og informasjon frå nettsidene til verksemda, er det grunnlag for å utarbeide gode, konkrete spørsmål. Funn i detaljar bør relaterast til svakheiter i systema deira.

Dersom det i forkant er avdekt manglande system for avvikshandtering, manglande årleg kontroll eller manglande obligatorisk dokumentasjon, er det viktig å få verifisert at desse funna faktisk er avvik. Det er mogleg dokumentasjonen går fram i eit system som tilsynsmakta ikkje har tilgang til, eller at lovkravet er dekt på annan måte.

Gjennom dialog skal tilsynsmakta få stadfesta eller avkrefta gissingar og førebelse funn ved at tilsynsobjektet legg fram objektive bevis på at spesifiserte krav er oppfylte.

5.5 OPPSUMMERING /SLUTTMØTE

Hensikta med sluttmøtet er å oppnå felles forståing for funn og leggje grunnlag for læring. Her kan det enkelte punkt forklarast i detalj for tilsynsobjektet. Forhold som tilsynsmakta kan ha misforstått, kan avklarast før den endelege rapporten blir ferdigstilt.

I sluttmøtet går ein gjennom avvik, merknader, positive funn og forbetningsområde.

Det er vanleg at tilsynsobjekt har stort fokus på avvik. Det kan gjere det vanskeleg å formidle annan informasjon før verksemda har fått vite resultatet. Det kan difor vere lurt å gå gjennom og forklare funna tidleg i møtet. Då kan tilhøyrarane få med seg dei positive elementa og forbetningsområda etter at dette er gått gjennom.

Ved gjennomgang av avvik bør fokuset vere på svikt i system som må utbetrast. Det skal ikkje påpeikast bagatellar, forhold utan

betydning, tvilstilfelle og subjektiv synsing som tek fokus bort frå kjernen i tilsynet. I sluttmøtet bør det informerast om kva reaksjonsmiddel tilsynsmaktene vil setje i verk dersom avvik ikkje blir lukka. [Sjå kapittel 7].

SLUTTMØTE – DØME PÅ AGENDA:

1. Takk for samarbeidet under tilsynet
2. Hensikta med tilsynet og dette sluttmøtet
3. Tilbakeblikk på arbeidsmåte, intervju og verifikasjonar
4. Samandrag – avvik, positive funn, merknader og forbetringar
5. Gjenta definisjon av avvik/merknader og kommentar
6. Presentasjon av avvik/merknader og kommentarar
7. Utreiing om korleis resultat blir rapporterte
8. Faktagrunnlag for avvika
9. Krava som styresmaktene stiller til oppfølging frå verksemda si side
10. Avrunding

6. RAPPORTERING

6.1 RAPPORT ETTER TILSYN

Etter tilsyn, skal det utarbeidast ein skriftleg tilsynsrapport. Rapporten er eit informasjonsskriv til eigar og eventuelt brukar, som konkluderer med funn frå tilsynet. Rapporten vil i mange tilfelle også fungere som forvarsel om reaksjon dersom eventuelle avvik ikkje blir lukka. Ein god rapport vil vere til hjelp for både tilsynsobjektet og tilsynsmakta.

Det er viktig at avviksformuleringa og heimelsgrunnlag er nøyaktig og korrekt. All seinare saksbehandling og oppfølging byggjer på tilsynsrapporten. Dette skal leggje grunnlaget for eventuelle reaksjonar og sanksjonar mot eigar/brukar, og skal kunne prøvast i ein domstol.

TIPS: Kvalitetssikring av tilsynsrapporten er særst viktig. Ein mangelfull eller feilaktig tilsynsrapport kan hindre vedtak om retting eller seinare oppfølging. Det er for seint å starte med kvalitetssikring av tilsynsrapporten når saka skal følgjast opp vidare.

6.2 DEI FEM K-ANE I RAPPORTEN

Kravtilvisande

Formuleringa må vere tydeleg på kva krav funna avvik frå.

Kommuniserande

Formuleringa skal gi eit klart, utvitydig og forståeleg bilete av avvika (funna). For mykje informasjon kan ofte gjere rapporten mindre lesarvennleg. Er formuleringa mogleg å forstå også for andre enn tilsynsførar og tilsynsobjekt? Også om eit år?

Tilsynsrapporten må vere lesarvennleg. Personar utan kjennskap til objektet eller tilsynstema skal vere i stand til å forstå innhaldet. Tekniske omgrep og forkortingar må alltid definerast første gang dei blir nytta. Malen som blir nytta, bør vere eigna for elektronisk lesing/visning.

AKTUELLE SAMARBEIDS- OG SAMHANDLINGSAKTØRAR:

EKSTERNT:

- Andre tilsynsmakter ved samordna eller samtidig tilsyn.
- Andre tilsynsmakter der rapporten har grensnitt mot andre fag.

INTERNT:

- Arkiv
- Jurist eller kommuneadvokat
- Kvalitetskontroll /sidemannskontroll
- Byggjesaksavdelinga.

Komplett

Sjekk at alle viktige element er tekne med. Er beskrivinga dekkande? Rapporten bør berre innehalde informasjon som er vesentleg og relevant for temaet og problemstillingane.

Korrekt

Nøyaktigheit bidrar til å forsikre lesarane om at det som blir rapportert, er truverdig og påliteleg.

Konsis

Rapporten må innehalde konsis og oppdatert informasjon som kan nyttast til å lukke eventuelle avvik. Det må kome klart fram på kva område tilsynsførar har funne avvik og kor det bør setjast i verk tiltak.

TIPS:

- Ikkje vent for lenge etter tilsynet med å fullføre rapporten. Du mister elles mange nyanser.
- Les gjennom dagen etter, før du sender rapport. Bruk sidemannskontroll/kvalitetskontroll.

SJÅ MALEN FOR TILSYNSRAPPORT [VEDLEGG 2 OG VEDLEGG 2.1].

6.3 DISTRIBUSJON AV TILSYNSRAPPORT

Rapporten skal distribuerast til den ansvarlege for tilsynsobjektet. Dersom andre interessentar var med på tilsynet, bør rapporten distribuerast også til desse (t.d. verksemd/brukar).

Rapporten må distribuerast utan unødige tidstap, slik at informasjonen er tidsaktuell og tilgjengeleg snarast mogleg.

Dersom det er krav til verneombod i verksemda, skal også hovudverneombodet få ein kopi av rapporten.

6.4 DØME PÅ VURDERING AV ALVORLEGE LOVBROT

6.4.1 KVIFOR

Hensikta med denne rettleiinga for vurdering av alvorlege brot er å leggje til rette for ei lik og einskapleg vurdering – på tvers av kommune- og fylkesgrenser – av kva som blir rekna som klart brot på regelverket. Det er også særskilt viktig at tilsynsmakta forstår og vurderer dei enkelte lovbrota likt.

Målsetjinga er å bidra til likebehandling frå tilsynsmaktene si side.

6.4.2 INTERNKONTROLLFORSKRIFTA – DØME PÅ LOVBROT

I samband med tilsynsaksjonen 2020 hos avfallsanlegg, blei det utarbeidd ei rettleiing for vurdering av alvorlege brot/avvik. Hovudtema for tilsynsaksjonen var nettopp etterlevinga til avfallsanlegget av internkontrollforskrifta, der det skulle kontrollerast om avfallsanlegget har brannsikker behandling og oppbevaring av avfallet. I tillegg skulle det først kontroll med brannsikker bruk av byggverket:

Her blei det gitt fleire døme på alvorlege brot på internkontrollforskrifta. Til dømes når det gjeld manglande eller mangelfull risikovurdering av branntryggleiken:

a: Risikovurderinga til avfallsanlegget manglar kartlegging av faren for brann og moglege hendingar som påverkar branntryggleiken i byggverket

b: Risikovurderinga til avfallsanlegget manglar kartlegging av faren for brann i avfallet knytt til oppbevaring/lagring

Risikoanalysen bør innehalde ei vurdering av mengdene og/eller lagringsarealet med restavfall og anna avfall med høg og middels brannrisiko (sortering og separering av avfall er særskild viktig for å redusere brannfaren –stikkord er avfallsmengder og lagringstid, orden og ryddigheit, separering, uheldig samlagring, avstand og korrekt sortering).

Viss risikoanalysen manglar ei særskild vurdering med omsyn til oppbevaring av avfall med høg brannrisiko, farleg stoff og avviksavfall, kan også dette innebere eit avvik.

c: Vurderinga manglar tilhøyrande planar og tiltak for å redusere brannfaren.

6.4.3 BRANN- OG EKSPLOSJONSVERNLOVA OG FORSKRIFT OM BRANNFØREBYGGING – DØME PÅ LOVBROT

I nemnde rettleiing blei det utarbeidd døme på alvorlege brot på føresegner både i brann- og eksplosjonsvernlova og i forskrift om brannførebygging. Til dømes når det gjeld kontroll og vedlikehald av bygningsdelar og tryggleiksinnretningar, jf. krava i forskrift om brannførebygging § 5:

Eigar gjennomfører ikkje, eller kan ikkje dokumentere at det blir gjennomført kontroll av dei branntekniske installasjonane (t.d. brannalarm- og sprinkleranlegg)

Eller når det gjeld krav til det systematiske tryggleiksarbeidet til brukaren i forskrift om brannførebygging § 12:

Brukar gjennomfører ikkje, har ikkje rutinar, eller har mangelfulle rutinar for evakuering og redning ved brann.

Brukar gjennomfører ikkje, har ikkje rutinar, eller har mangelfulle rutinar for øving og opplæring

6.5 UNDERRETNING TIL BYGNINGSMYNDET OM ULOVLEGE FORHOLD


Viss det blir avdekt forhold som ser ut til å vere i strid med plan- og bygningslova, har tilsynsmakta meldeplikt til bygningsmyndet, jf. Plan- og bygningslova § 1-4, tredje ledd. Døme på slike forhold kan vere

- a. byggverk m.m. som er ulovleg oppførte
- b. søknads- eller meldingspliktige tiltak som er utførte i strid med plan- og bygningslova
- c. fyringsanlegg som ikkje er kontrollerte av kvalifisert kontrollør i tråd med byggesaksreglane.

Underretning skjer ved at bygningsmyndet blir bede om å følgje opp saka. Tilsynsrapporten blir lagd ved som dokumentasjon. Det er viktig at bygningseigar får ein kopi. I tillegg er det viktig at tilsynsmakta følgjer opp avviket etter brann- og eksplosjonsvernlova.

7. REAKSJONSFORMER, JF. BRANN- OG EKSPLOSJONSVERNLOVA

Formålet med rettleiing i bruk av reaksjonar er å bidra til at brann- og redningsvesenet skal ha ein mest mogleg einskapleg og konsistent bruk av reaksjonsheimlane på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Dette vil i sin tur bidra til auka rettstryggleik for tilsynsobjektet, som vil oppleve likebehandling uavhengig av kommunetilheyrslø.



Figur 1 - Reaksjonar.

7.1 KVA LIGG I OMGREPET «REAKSJON»?

Med reaksjon meiner vi forvaltingsvedtak (enkeltvedtak) og/eller sanksjonar som brann- og redningsvesenet kan påleggje tilsynsobjektet med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova.

Reaksjonsheimlane blir nytta når tilsynet avdekkjer manglande etterleving av føresegnar i

- brann - og eksplosjonsvernlova
- forskrift om brannførebygging³⁷
- Internkontrollforskrifta³⁸ (jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 8 jf. IK § 2)
- forskrift om handtering av farleg stoff³⁹

Når det nedanfor blir vist til *regelverket*, vil dette omfatte førnemnde lover og forskrifter. Brann- og eksplosjonsvernlova heimlar følgjande reaksjonar:

REAKSJON:	KVA:	HEIMEL I BRANN- OG EKSPLOSJONSVERNLOVA:
Enkeltvedtak	Pålegg om retting Pålegg om opplysningar (dersom sjølvstendig og ikkje knytt til sak – sjå forklaring under)	§ 37 første ledd § 33 første ledd jf. § 37 første ledd
	Forbod mot bruk (stans av verksemd)	§ 37 andre og tredje ledd
	Tvangsmulkt	§ 39
Sanksjonar	Tvangsgjennomføring (administrativ sanksjon og enkeltvedtak som påleggjast av brann- og redningsvesenet)	§ 44
	Straff (påleggjast av domstolen)	§ 42

Figur 2 - Reaksjonar.

³⁷ Forskrift om brannførebygging, FOR-2015-12-17-1710

³⁸ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (Internkontrollforskrifta) FOR 1996-12-06-1127

³⁹ Forskrift om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksett stoff pluss utstyr og anlegg som blir nytta ved handteringa, FOR-2009-06-08-602

Både pålegg om retting, forbod mot bruk og tvangsmulkt er enkeltvedtak, jf. definisjonen i forvaltingslova § 2 første ledd punkt b. Det dreier seg altså om *eit vedtak som gjeld rettane eller pliktene til ein eller fleire bestemte personar*. Også eit sjølvstendig pålegg om å gi opplysningar blir rekna som enkeltvedtak.⁴⁰

Prosessleiarde avgjerder er ikkje *bestemmande* for rettane og pliktene til private, og utgjer såleis ikkje enkeltvedtak.⁴¹ Desse avgjerdene har berre betydning for saksbehandlinga, og har ikkje konsekvensar for realiteten/innhaldet i saka. Avgjerda om registrering av særskilde brannobjekt, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 13 første ledd, er å rekne som prosessleiarde. Det same gjeld avgjerda om utsett iverksetjing fram til klaga er ferdigbehandla, jf. forvaltingslova § 42. Klagegangen etter fvl. § 28 er avgrensa til enkeltvedtak. Det er såleis ikkje mogleg å klage på prosessleiarde avgjerder.

Ved bruk av enkeltvedtak skal brann- og redningsvesenet følgje føresegnene i forvaltingslova om høvesvis saksbehandling, saksførebuing, vedtak og klage i kapittel III, IV, V og VI, jf. fvl. § 3 første ledd. Sjå behandlinga under for meir informasjon om dei konkrete krava i forvaltingslova.

Sanksjonar omfattar både *administrative* sanksjonar,⁴² som ilegges av forvaltningen, og straff.

Det karakteristiske for ein sanksjon er at han er tilbakeskodande. Han blir utløyst av eit brot, og formålet er å påføre tilsynsobjektet ein reaksjon på brotet.

I tillegg til pålegg om retting, tvangsmulkt og forbod mot bruk kan brann- og redningsvesenet påleggje tvangsgjennomføring. Brann- og redningsvesenet kan ikkje påleggje straff, men dei kan melde verksemda. Politi/påtalestyresmakt kan då gi førelegg, og domstolen kan gi ein bot eller fengselsstraff med inntil 6 år (grovt brot).

7.2 REGELBROT GIR GRUNNLAG FOR REAKSJON

Som nemnt, blir reaksjonsføresegnene nytta ved manglande etterleving av høvesvis

1. brann- og eksplosjonsvernlova
2. forskrift om brannførebygging
3. internkontrollforskrifta
4. forskrift om handtering av farleg stoff

Regelbrot som gir grunnlag for reaksjon (pålegg om retting, tvangsmulkt, stans osv.), bør ha ei viss alvorsgrad. Det skal som utgangspunkt liggje føre eit **avvik** – dvs. *manglande etterleving av krav gitt i medhald av lov eller forskrift*.⁴³

I enkelte tilfelle er det ikkje like klart om det ligg føre forhold som er kritikkverdige eller i strid med regelverket.

Til dømes er det liten tvil om alvorsgrada dersom ei verksemd heilt manglar risikovurdering, jf. IK § 5 første ledd punkt 6. Men kva om verksemda faktisk har ei risikovurdering, men denne er mangelfull? Til dømes ved at det manglar vurdering av brannrisiko. Ei risikovurdering som ikkje omfattar også brannrisiko (ei kartlegging av faren for brann i verksemda), er eit så vidt alvorleg brot på regelverket at forholdet kvalifiserer for bruk av reaksjon. Også vesentlege manglar i brannrisikovurderinga til verksemda kan kvalifisere for avvik og bruk av reaksjonar.

For å avgjere alvorsgrada av regelbrot skal følgjande forhold vektleggjast:

- Konsekvensar for liv, helse, miljø og materielle verdiar.
- Omfang og varigheit av regelbrotet.

Der det ikkje er snakk om klare lovbrot, kan brann- og redningsvesenet vurdere å bruke **merknad**. Ein merknad er eit forhold som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.⁴⁴

40 Forvaltningsloven med kommentarer v/ Geir Woxholth, 4. utgave 2006, side 64

41 Forvaltningsloven med kommentarer v/ Geir Woxholth, 4. utgave 2006, side 63

42 Prop. 62 L (2015–2016) Endringar i forvaltningslova m.m. (administrative sanksjonar m.m.) side: *Ein administrativ sanksjon er ein negativ reaksjon som kan påleggjast av eit forvaltningsorgan med heimel i lov, som retter seg mot eit brot på ei lov, forskrift eller individuell avgjerd, og som har eit hovudsakleg eller vesentleg strafferettsleg formål*

43 Sjå Retningslinjer for tilsynsmakta med omsyn til samordna tilsyn og felles tilsynsprofil pkt. 2 om omgrep og definisjonar

44 Sjå Retningslinjer for tilsynsmakta med omsyn til samordna tilsyn og felles tilsynsprofil pkt. 2 om omgrep og definisjonar

Ved bruk av reaksjon (t.d. ved pålegg om retting) blir det anbefalt å etablere rutinar hos dei enkelte brann- og redningsvesen som sikrar forankring av avgjerda/enkeltvedtaket hos nærmaste leiar. Bruk av reaksjonar må alltid vurderast, og valet av reaksjon må spegle alvorsgrada.

Avvika må følgjast opp inntil forholdet er lukka/retta. Jo meir alvorleg avviket er, jo tettare bør oppfølginga frå tilsynsførar/tilsynsmakt vere.

7.3 KRAV I FORVALTINGSLOVA VED REAKSJONSBRUK

7.3.1 KORREKT SAKSBEHANDLING OG KRAV TIL HEIMEL

Forvaltingslova (fvl.) inneheld reglar om saksbehandling for alle offentlege organ – både statlege, kommunale, regionale og lokale forvaltingsorgan. Formålet med forvaltingslova er i første omgang å leggje til rette for ei fullgod saksbehandling i forvaltinga som kan sikre materielt korrekte resultat.⁴⁵ For å sikre innhaldsmessig korrekte avgjerder har lova til dømes reglar om utgreiingsplikta til forvaltingsorganet, jf. fvl. § 17.

Forvaltingslova og prinsipp for god forvaltningsskikk skal bidra til god rettstryggleik og beskytte mot misbruk av mynde, vilkårlege avgjerder og usakleg forskjellsbehandling. Ei anna side ved rettstryggleiksomgrepet er kravet til rettferdig, omsynsfull og rask saksbehandling. Det blir her vist til reglane om avgjerd utan ugrunna opphald (fvl. § 11 bokstav a), rettleiingsplikt (fvl. § 11), gjennomsyn og utlån av saksdokument (fvl. § 20), rett til å bruke advokat eller annan fullmektig (fvl. § 12) m.m. Andre føresegner det er viktig for ein offentlig tilsett å vere kjend med, er til dømes habilitetsreglane i fvl. kapittel II og reglane om teieplikt i §§ 13 og 13 bokstav a til f. Vi gjer ikkje greie for alle føresegnene i forvaltingslova, berre dei som er særleg relevante for tilsynsarbeidet.

Legalitetsprinsippet⁴⁶, som er eit av dei viktigaste rettsprinsippa i Noreg, inneber at staten ikkje kan gripe inn i rettsstillinga til borgarane utan å ha heimel i lov. Legalitetsprinsippet er meint å beskytte enkeltpersonar mot statsmakta. Dette inneber at brann- og redningsvesenet må ha rettsleg grunnlag for handlingane og avgjerdene sine, derimellom heimel for tilsyn.

7.3.2 FØREHANDSVARSEL I TILSYNSRAPPORTEN

Forvaltningslova § 16⁴⁷ stiller krav om at tilsynsobjektet skal varslast i forkant av eit enkeltvedtak (t.d. ved pålegg om retting) og ha høve til å uttale seg innan ein spesifisert frist. Målet med førehandsvarselet er å gi tilsynsobjektet høve til å gjere seg kjent med kva saka gjeld, og uttale seg før det blir fatta eit vedtak. Ved å invitere til å opptre aktivt vil ein òg kunne oppnå at vedtaket blir godt nok opplyst, jf. fvl. § 17.

Forvaltingslova set ingen frist for fråsegn, men *tre veker* er som hovudregel ein rimeleg frist. Førehandsvarselet skal vere skriftleg.

Dersom tilsynsrapporten inneheld avvik som skal følgjast opp med til dømes pålegg om retting eller pålegg om opplysningar, skal dette varslast om på førehand, jf. fvl. § 16. Varselet bør inngå i tilsynsrapporten og må gå tydeleg fram (både i overskrift og i rapporten). Her har vi foreslått følgjande tekst:

⁴⁵ Forvaltningsloven med kommentarer v/ Geir Woxholth, 4. utgave 2006, side 28

⁴⁶ Forankra i Grunnlova §§ 96, 97, 98 og forsterka i § 113

⁴⁷ Fvl. § 16: *Part som ikkje allereie ved søknad eller på annan måte har uttalt seg i saka, skal varslast før det blir fatta eit vedtak, og få høve til å uttale seg innan ein nærmare spesifisert frist.... Førehandsvarsling kan unnlatast dersom: c) vedkomande part allereie på annan måte har fått kjennskap til at det skal fattast eit vedtak, og har hatt rimeleg høve og tid til å uttale seg, eller varsel av andre grunnar må reknast som openbert unødvendig*

Verksemda pliktar å snarast rette opp i avvika som er beskrivne i rapporten. [Døme: Dette inneber å utbetre mangelfull/manglande dokumentasjon, gjennomføre opplæring m.m.]

Retting av avvik skal stadfesta i ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik har blitt retta opp ... og sendast til brann- og redningsvesenet snarast og seinast innan(...) Det blir i denne samanheng vist til brann- og eksplosjonsvernlova § 33 første ledd om opplysningsplikta (...)

Rapporten er å sjå som førehandsvarsel om pålegg/vedtak, jf. forvaltingslova § 16.

Dersom vi ikkje får ei utgreiing innan fristen for korleis avvik har blitt retta opp, vil vi vurdere pålegg om retting av avvik, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 37.

Dersom tilsynsobjektet ikkje følgjer opp pålegget innan fristen som er sett, kan brann- og redningsvesenet påleggje tvangsmulkt. Dette er i så fall eit nytt vedtak som også skal varslast på førehand. Det kan vere føremålstenleg å varsle heile kjeda av enkeltvedtak på førehand allereie i tilsynsrapporten. Parten vil då få ei samla oversikt og kunne uttale seg ut frå eit samla sett av reaksjonar. Ein slik framgangsmåte skaper føreseielegheit og kan også ha ein preventiv effekt. I tillegg vil førehandsvarsling av heile prosessen i tilsynsrapporten føre til ein meir effektiv saksgang der ein unngår unødvendig tidstap ved fortlaufande purringar og varslingar mellom enkeltvedtaka. Ei slik førehandsvarsling føreset at brann- og redningsvesenet følgjer tett opp tilsynssaka. Sjå forslag til tekst:

Vi ser alvorleg på avvik [x], som blei avdekte i dette tilsynet. Gjennomføringa av tiltaka vil difor bli følgd opp ved eit nytt tilsyn innan 6 månader frå dags dato.

Vi gjer merksam på at avvik kan gi grunnlag for reaksjon i form av mellom anna tvangsmulkt og/eller stenging, jf. brann- og eksplosjonsvernlova §37 andre og tredje ledd og § 39.

Ein slik plan kan t.d. innehalde ei oversikt over fleire konkrete tiltak som skal utbetrast for å auke branntryggleiken i byggverket og/eller verksemda, slik at krava i regelverket blir innfridde. Dette kan vere bygningstekniske utbetringar og installasjonar av tryggleiksinnretningar m.m. Det konkrete pålegget om retting blir i slike tilfelle ofte utarbeidd etter at utbetningsplanen er send, og gjerne i tråd med opplysningar som tilsynsobjektet sjølv har gitt om innhald til tiltak og framdrift. Førehandsvarsling om pålegg kan også for desse sakene inngå i tilsynsrapporten, som anbefalt i dette avsnittet.

Behovet og fristen for etterkontroll av utbetringa vil kunne variere. Dersom tilsynsobjektet er avhengig av teknisk bistand til t.d. bygningstekniske utbetringar, vil det kunne ta meir enn 6 månader før arbeidet er ferdigstilt. Vi anbefaler likevel ein jamleg dialog mellom brann- og redningsvesenet og tilsynsobjektet også for desse tilfella. Når pålegg er utarbeidd, er det viktig å følgje opp framdrifta i utbetringa til tilsynsobjektet, slik at det ikkje går for lang tid / fleire år før etterkontrollen blir gjennomført. Tilsynet blir ikkje avslutta før alle avvik er utbetra.

Dersom tilsynsmakta i spesielle tilfelle finn grunnlag for å stenge direkte som følge av overhengande fare, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 37 tredje ledd, vil verken kravet til enkeltvedtak/pålegg eller førehandsvarsling vere nødvendig. At førehandsvarsling ikkje er nødvendig går fram av fvl. § 16 tredje ledd bokstav a (unntak for førehandsvarsling). At pålegg ikkje er nødvendig går fram direkte i brann- og eksplosjonsvernlova § 37 tredje ledd.

7.3.3 UTGREIINGS- OG INFORMASJONSPLIKT

Fvl. § 17 første ledd pålegg brann- og redningsvesenet (forvaltingsorganet) å sjå til at saka er *så godt opplyst som mogleg* for det blir fatta eit vedtak (undersøkingssprinsippet). § 17 andre ledd slår fast at opplysningar som forvaltninga får, skal leggjast fram for parten for fråsegn.

Bakgrunnen for føresegna er at forvaltninga er best rusta til å opplyse saka (mange tilsette, økonomiske ressursar og tilgang til opplysningar frå andre organ m.m). Vidare er det ofte slik at forvaltninga tek opp saka av eige initiativ (bestemmer seg for å føre tilsyn), og dels at tilsynsobjektet sjeldan er representert ved advokat.

Det blir altså stilt strenge krav til kvalitet i saksbehandlinga. Å vere upartisk (leggje vekt på både dei momenta som er til gunst, og dei som ikkje er det) og *grundig* er av stor betydning. Det er særskild viktig at brann- og redningsvesenet legg til grunn korrekte faktaopplysningar som grunnlag for reaksjonen. Konsekvensen av mangelfull saksbehandling der feil faktum er lagt til grunn i vedtaket, kan vere at vedtaket blir kjent ugyldig, jf. fvl. § 41.

7.3.4 FORMELLE KRAV TIL ENKELTVEDTAKET

Pålegg om retting/enkeltvedtak skal vere skriftlege, jf. forvaltingslova § 23.

Pålegg om forbod mot bruk (stans eller stenging), jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 37, kan ved overhengande fare gjerast munnleg på tilsynstidspunktet (sjå § 37 tredje ledd). Det munnlege pålegget må følgjast opp snarast råd med eit skriftleg vedtak av tilsynsmakta.

Tilsynsrapporten må utarbeidast så snart som mogleg etter tilsynet. Dersom tilsynsrapporten inneheld avvik og det blir varsla om pålegg, må rapporten følgjast opp med enkeltvedtak/pålegg om retting *utan ugrunna opphald* – etter ein nærmare spesifisert frist – og etter at fristen for fråsegn (jf. fvl. § 16 – gjerne tre veker) har gått ut. Det blir i denne samanheng vist til fv. § 11 bokstav a.

Fvl. § 11 bokstav a opplyser vidare om plikta til å sende ut *førebels svar om saksbehandlingstid* når til dømes tilsynsrapporten ikkje blir følgt opp med pålegg innan ein månad. God forvaltningsskikk tilseier også at det bør sendast ut ei førebels melding om saksbehandlingstid dersom det tek lang tid (meir enn ein månad) frå tilsynet blei gjennomført og til tilsynsrapporten er klar.

Fvl. § 24 slår fast at alle enkeltvedtak/pålegg skal vere grunngitte. Sjå fvl. § 25 for innhald i grunngevinga. Dersom avviket er eit brot på funksjonsbaserte forskrifter, er det viktig at tilsynsmakta konkretiserer kva avviket inneber. I enkelte tilfelle er dette enkelt, t.d. viss bygninga ikkje er oppført i samsvar med opphavleg byggjeløyve, eller viss risikovurderinga til verksemda ikkje omfattar ei vurdering av brannrisikoen. Som nemnt i kapitlet om pålegg, skal ikkje tilsynsmakta skissere løysingsforslag overfor den ansvarlege, men det må gå klart fram av enkeltvedtaket kvifor objektet eller verksemda ikkje tilfredsstiller krava i lovverket.

Døme på påleggs-/avviksformuleringar frå tilsynsaksjonen 2020:

Avvik 1 (døme):

Risikovurderinga til avfallsanlegget manglar kartlegging av faren for brann og moglege hendingar som påverkar branntryggleiken, både når det gjeld oppbevaring av avfallet og når det gjeld byggverket. Det manglar også tilhøyrande planar og tiltak for å redusere brannfaren.

Heimel for avviket:

- Brann- og eksplosjonsvernlova § 6
- Forskrift om brannførebygging §§ 9 og 10 [eventuelt også §§ 11 og 12]
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) § 5 første ledd punkt 6

Kommentarar/utdjuping av lovkravet:

Manglande kartlegging av brannfaren utgjer eit brot på føresegnene i brann- og eksplosjonsvernlova § 6, som stiller krav til nødvendige sikringstiltak for å førebyggje og avgrense brann. Vidare utgjer det eit brot på forskrift om brannførebygging §§ 9 og 10 [eventuelt §§ 11 og 12 dersom brukaren/avfallsanlegget er ein annan enn eigar/heimelsinnehavar av bygninga], som stiller krav til systematisk tryggleiksarbeid. Det er også eit brot på kravet i internkontrollforskrifta § 5 første ledd punkt 6 om kartlegging av farar og problem som grunnlag for risikovurdering, og på kravet til utarbeiding av tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Fvl. § 27 slår fast at tilsynsmakta pliktar å underrette tilsynsobjektet om pålegget så snart som mogleg. Underretninga skal vere skriftleg. Det er høve til å nytte e-post. Pålegget skal sendast til partane – dvs. eigar av verksemda eller eigar av byggverket (eventuelt brukar av byggverket).

Kort oppsummert om formelle krav til enkeltvedtaket/pålegget:

- Skriftleg format
- Tilvising til tidlegare varsel, pålegg m.m.
- Heimel
- Frist for oppfyljing
- Grunngeving
- Klagerett (klagefrist, klageinstans m.m.)

7.3.5 KONSEKVENSNAR VED FEIL I SAKSBEHANDLINGA

Det blir stilt strenge krav til kvalitet i saksbehandlinga. Saksbehandlingsfeil kan medføre at enkeltvedtaket (t.d. pålegg om retting) blir ugyldig, jf. fvl. § 41. Dette gjeld dersom saksbehandlingsfeilen har hatt betydning for innhaldet i vedtaket. Dette kan skje dersom ein har misforstått, og faktagrunnlaget for pålegget om retting inneheld feil. Det kan også skje dersom brann- og redningsvesenet manglar heimel for pålegget. Omgjering av vedtak blir beskrive nærmare under.

Dersom feilen ikkje har betydning for innhaldet i pålegget, til dømes viss ein har gløymt å vise til heimel eller opplyse om fristen for retting, blir pålegget framleis rekna som gyldig. Vedtaket må på den andre sida følgjast opp med ei oppattaking av pålegget der frist og tilvising til heimel inngår.

Dersom saksbehandlingsfeilen medfører eit ugyldig vedtak og har påført tilsynsobjektet økonomisk tap (t.d. kostnader til advokat), vil kommunen v/ brann- og redningsvesenet kunne bli pålagt å dekkje sakskostnadene, jf. fvl. § 36. Dette føreset at pålegget blir endra til fordel for tilsynsobjektet.

7.4 PÅLEGG OM OPPLYSNINGAR (§ 33)

Som det går fram over, pliktar brann- og redningsvesenet å sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir fatta vedtak, jf. fvl. § 17.

Tilsynsobjektet har på den andre sida eit medansvar for utgreiinga av saka, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 33 første ledd. Det er verd å merke seg at føresegna om opplysningsplikt ikkje er gitt i forvaltingslova, men i særlov. Ordlyden er som følgjer:

Alle som er underlagde tilsyn etter denne lova, skal – når tilsynsmakta krev det og utan hinder av teieplikta – leggje fram opplysningane som blir rekna som nødvendige for gjennomføringa av tilsynet. Tilsynsmakta kan bestemme i kva form opplysningane skal bli gitt.

Første ledd i føresegna blir nytta berre overfor den som er underlagt tilsyn (tilsynsobjektet).

I utgangspunktet er ikkje pålegg om å gi opplysningar etter brann- og eksplosjonsvernlova § 33 første ledd eit enkeltvedtak. Derimot kan eit *sjølvstendig pålegg om å gi opplysningar bli rekna som enkeltvedtak*.⁴⁸ Til dømes for dei tilfella der opplysningane er nødvendige for å ta stilling til om ein skal gi ein reaksjon eller ikkje. I ein del tilfelle ber brann- og redningsvesenet om at eigar/tilsynsobjektet sender inn dokumentasjon som er nødvendig for å ta stilling til eventuelle avvik. I desse tilfella vil pålegget vere sjølvstendig. Det vil ikkje vere knytt til eit anna enkeltvedtak, då det enno ikkje er gitt pålegg om retting.

*Enkelte gongar vil pålegget om å gi opplysningar inngå som ledd i ei anna sak. Då vil det vere naturleg å sjå på avgjerda som prosessleiane. Dreier det seg derimot om eit enkeltstående tiltak overfor den det gjeld, er det mest naturleg å sjå på avgjerda som eit enkeltvedtak.*⁴⁹

Fvl. § 14 slår fast saksbehandlingsreglar i dei tilfella der det blir gitt pålegg om å gi opplysningar. Dei viktigaste punkta her er kravet til at heimel for pålegget må gå fram. Vidare må brann- og redningsvesenet opplyse om klagetilgangen i sjølve pålegget om opplysningar.

⁴⁸ Forvaltningsloven med kommentarer v/ Geir Woxholth, 4. utgåve 2006, side 64 og 299

⁴⁹ Forvaltningsloven med kommentarer v/ Geir Woxholth, 4. utgåve 2006, side 299 (kommentarar til fvl. § 14)

Dersom pålegget om opplysningar ikkje blir etterfølgt, kan brann- og redningsvesenet vurdere å påleggje tvangsmulkt, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 39, som verkemiddel for å sikre at plikta blir etterlevd. Retten til å påleggje tvangsmulkt må i så fall vere opplyst i pålegget om opplysningar, og bruken bør avgrensast til dei tilfella der tilsynsobjektet faktisk sit med opplysningane, men unnlèt å gi dei til tilsynsførar.

Dersom tilsynsobjektet unnlèt å etterkome krav om opplysningar, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 33, kan forholdet meldast. Det blir vist til § 42 første ledd i lova, der det går fram at forholdet er straffbart. Sjå meir om dette i rettleiinga for bruk av melding.

I tillegg til opplysningar frå tilsynsobjektet kan brann- og redningsvesenet hente inn opplysningar frå andre tilsynsmakter, utan at teieplikta skaper avgrensingar, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 33 andre ledd. Opplysningsplikta er på den andre sida avgrensa til relevante opplysningar som er nødvendige for at tilsynsmakta skal kunne utføre oppgåvene sine etter lova.

I forarbeida til brann- og eksplosjonsvernlova (kommentarane til § 33) går det fram at informasjonen som tilsynsstyresmaktene samlar inn, kan danne grunnlag for utøving av styresmakt med sikte på ulike reaksjonar. Opplysningane kan eventuelt også gi grunnlag for straffeforfølgning. Føresegna er elles harmonisert med tilsvarande føresegner i anna helse-, miljø og tryggleikslovgiving.

Det blir i denne samanheng vist også til brann- og eksplosjonsvernlova § 34, om retten som tilsynsmakta har til å skaffe seg *tilgang til alle innretningar og køyretøy* i samband med tilsynet. Kravet til legitimasjon m.m. går fram både i denne føresegna og i fvl. § 15.

7.5 TILGANG TIL TILSYNSOBJEKTET OG PLIKT TIL Å LEVERE TILSYNSRAPPORT (§§ 34 OG 36)

Brann- og redningsvesenet skal som hovudregel melde frå når det kjem for å utføre tilsyn (sjå mal for tilsynsvarsel i vedlegg nr. 1), og vanlegvis blir tilsynsmakta godt motteken.

For dei tilfella der fysiske tilsyn byr på utfordringar, og tilsynsobjektet ikkje ønskjer besøk, skal brann- og redningsvesenet opplyse om retten til *uhindra tilgang til alle stader og til alle innretningar og køyretøy tilsynsmakta finn nødvendig for å føre tilsyn etter denne lova*, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 34 første ledd. *Viss nødvendig*, kan det krevjast bistand frå politiet for å sikre slik tilgang.

Tilsynspersonellet frå brann- og redningsvesenet skal legitimere seg ved tilsyn, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 34 andre ledd og fvl. § 15.

Brann- og eksplosjonsvernlova § 36 slår fast at brann- og redningsvesenet pliktar å levere rapport etter tilsynet. Kor omfattande ein slik rapport skal vere, vil kunne variere avhengig av tilsynsform. (Sjå kapittel 6).

Tilsynsrapporten bør utarbeidast og sendast så snart som mogleg. Rapporten skal beskrive dei faktiske forholda som blei avdekte under tilsynet, og innehalde ein tidsfrist for tilbakemelding. Denne fristen bør normalt setjast til *tre veker*. Dette svarer til fristen for tilbakemelding på førehandsvarsel om pålegg (sjå over).

Viss det ikkje blir avdekt avvik som skal følgjast opp med pålegg, er tilsynet formelt avslutta når tilsynsrapporten er send. Det er viktig at dette går tydeleg fram i tilsynsrapporten.

7.6 PÅLEGG OM RETTING (§ 37)

Pålegg om retting er den vanlegaste reaksjonsbruken for brann- og redningsvesenet når det blir avdekt manglande etterleving av regelverket (avvik) under tilsynet. Pålegg om retting omfattar alle typar endringar som verksemder, eigarar eller brukarar blir pålagde å gjennomføre for å tilfredsstille krava i regelverket.

Eit pålegg om retting er eit enkeltvedtak, jf. forvaltingslova § 2 første ledd bokstav b: *eit vedtak som gjeld rettane eller pliktene til ein eller fleire bestemte personar*. Også avgjerder om tvangsmulkt, stans og tvangsgjennomføring er enkeltvedtak.

I forarbeida til brann- og eksplosjonsvernlova⁵⁰ går det fram følgjande om pålegg og forbodet mot bruk: Pålegg vil kunne omfatte både sjølv objektet og organisatoriske tiltak og system elles. Pålegg må fastsetjast under omsyn til føresegnene som galdt på det tidspunkt objektet blei bygd.

Ein tilsynsrapport som inneheld avvik, blir som hovudregel følgd opp med pålegg om retting med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova § 37 første ledd:

Tilsynsmakta gir pålegga og treff elles dei enkeltvedtaka som er nødvendige for gjennomføringa av føresegnene gitt i eller i medhald av denne lova. Det skal setjast ein frist for når pålegget skal vere utført.

Det er eit absolutt vilkår for bruk av reaksjonsføresegnene i brann- og eksplosjonsvernlova at det kan påvisast manglande etterleving, dvs. brot på føresegner i følgjande regelverk:

- *Brann- og eksplosjonsvernlova.*
- *Forskrift om brannførebygging⁵¹.*
- *Internkontrollforskrifta⁵² (jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 8 jf. IK § 2).*
- *Forskrift om handtering av farleg stoff⁵³.*

I vurderinga av om ein skal gi pålegg eller ikkje må ein leggje vekt på om regelbrotet (avviket) representerer ein stor risiko.

Regelbrotet (avviket) bør ha ei viss alvorgrad, og følgjande forhold bør vektleggjast:

- Konsekvensar for liv, helse, miljø og materielle verdiar.
- Omfang og varigheit av regelbrotet.

Når det gjeld utforminga av pålegget, er det viktig å sjå på korleis føresegna er formulert. Dersom føresegna inneheld *funksjonskrav*, dvs. stiller krav til kva som skal vere oppfylt, men ikkje korleis, skal brann- og redningsvesenet som hovudregel utforme pålegget på same måte. Til dømes skal eit eventuelt pålegg om mangelfull brannrisikovurdering ikkje innehalde konkrete forslag til ei slik risikovurdering. Det er tilsynsobjektet sjølv som skal vurdere den konkrete brannrisikovurderinga, derimellom kartlegge brannfarane og beskrive dei nødvendige brannsikringstiltaka.

Dersom heimelsføresegna inneheld *detaljkrav*, bør også pålegget vere konkret og detaljert.

Sjå til dømes § 15 i forskrift om handtering av farleg stoff *Røyrssystem med driftstrykk over 16 bar skal utstyrast med sendar- og mottakarfunksjon for reinse- og inspeksjonsverktøy.*

Brann- og eksplosjonsvernlova, forskrift om brannførebygging og internkontrollforskrifta inneheld i hovudsak funksjonskrav. Dette betyr likevel ikkje at brann- og redningsvesenet ikkje kan *retteleie om moglege løysingar* for å rette opp i brotet. Det er viktig at brann- og redningsvesenet som tilsynsmakt gjer seg opp ei meining om kva som skal til for at pålegget skal bli rekna som oppfylt.

50 Ot.prp.nr.28 (2001-2002) Om lov om vern mot brann, eksplosjon og ulukker med farleg stoff og om redningsoppgåvene til brannvesenet (brann- og eksplosjonsvernlova) og om endringar i arbeidsmiljølova, kommentarane til § 37 side 70

51 Forskrift om brannførebygging, FOR-2015-12-17-1710

52 Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta) FOR 1996-12-06-1127

53 Forskrift om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksett stoff pluss utstyr og anlegg som blir nytta ved handteringa, FOR-2009-06-08-602

Kva brann- og redningsvesenet ønskjer å oppnå med pålegget, kan variere. Når det gjeld verksemder, vil formålet ofte vere å påverke eigar til å skjette ansvaret for *nødvendige sikringstiltak⁵⁴ for å førebyggje og avgrense brann, eksplosjon eller andre ulukker*, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 6.

Når det gjeld branntekniske tilsyn av ei bygning, er det viktig å presisere at oppfølging av avvik etter brann- og eksplosjonsvernlova må sjåast i samanheng med plikta som bygningsmyndet har til å forfølgje ulovlege forhold etter plan- og bygningslova. Dersom bygninga er ulovleg, til dømes fordi bygningseigar har gjennomført søknadspliktige endringar utan å ha nødvendige løyve (t.d. ulovleg utbygging av loftsareal), skal saka sendast til bygningsmyndet.

Dersom brann- og redningsvesenet under eit tilsyn oppdagar brot på regelverk som blir forvalta av andre mynde, skal det som hovudregel varsle det ansvarlege myndet om lovbroten. Dette er føresett i fvl. § 13 bokstav b punkt 5 og 6, der det går fram at teieplikta ikkje er til hinder for at *forvaltingsorganet kan melde eller gi opplysningar (jf. også nr. 5) om lovbroten til påtalemakta eller vedkomande kontrollmynde dersom det er ønskeleg av allmenne omsyn, eller dersom forfølging av lovbroten har naturleg samanheng med oppgåvene til givarorganet*. Tilsynsmakta til brann- og redningsvesenets er likevel avgrensa til kontroll med eige regelverk, dvs. brann- og eksplosjonsvernlova, forskrift om brannførebygging, internkontrollforskrifta og forskrift om handtering av farleg stoff. Det blir i denne samanheng vist til prinsippavgjerda frå DSB om teieplikt og varsling av andre styresmakter,⁵⁵ og til fråsegnen frå DSB når det gjeld meldeplikta til brann- og redningsvesenet når det blir oppdaga lovbroten.⁵⁶

Når det gjeld utforminga av pålegget, blir det vist til føresegnene i forvaltingslova kap. IV, V og VI om utforming av enkeltvedtak, jf. beskriving over om krava om skriftleg format, heimel, grunngiving m.m. Avviket og pålegget om retting bør ha lik utforming dersom ikkje tilsynsobjektet i mellomtida har kome med innseiingar til innhaldet i tilsynsrapporten.

Det skal setjast ein frist for oppfylling av pålegget. Det er viktig at tidsfristen er rimeleg i forhold til å få gjennomført pålegget. Dersom pålegget medfører behov for avklaringar med andre styresmakter eller lovverk (t.d. bygningsmyndet), vil gjennomføringa prosjekteringsfase, søknadsprosess og utføring kunne ta lang tid. I slike tilfelle kan pålegget innebere utarbeiding av ein framdriftsplan for arbeidet. Fristen for å oppfylle pålegget skal likevel alltid vere ein bestemt dato.

Rett adressat for pålegget er tilsynsobjektet. Dette er ofte verksemda⁵⁷ då denne (næringa/bruken) vanlegvis er avgjerande for brannrisikoen, og dermed det naturlege kontrollobjektet. I så måte er det *verksemda*, t.d. avfallsanlegget, sjukeheimen, asylmottaket, hotellet eller utleiegarden som er rett adressat. Verksemda er også anten eigar eller brukar av byggverket. For dei meir bygningstekniske tilsyna er bygningseigar rett adressat viss det blir oppdaga ulovlege forhold ved byggverket, medan brukaren (dersom dette er ein annan enn eigar) vil vere rett adressat for pålegg som gjeld bruken av bygget.

Dersom tilsynsobjektet ikkje har halde fristen for retting av avvik, skal brann- og redningsvesenet følgje opp saka med skriftleg puring og be om forklaring. Fristen for å oppfylle eit pålegg kan forlengast.

Når eit pålegg er oppfylt, skal tilsynsobjektet få ei skriftleg orientering om dette frå brann- og redningsvesenet.

Som hovudregel skal alle pålegg følgjast opp med eit pressmiddel (tvangsmulkt, stans eller tvangsgjennomføring) dersom dei ikkje blir oppfylte innan fristen. I tillegg til opplysningar om klagetilgangen skal tilvising til moglege pressmiddel gå fram av pålegget.

Sjå mal for pålegg om retting [Vedlegg 7].

54 Både tekniske og organisatoriske brannsikringstiltak, jf. kommentarane til § 6 (side 57) i Ot.prp.nr.28 (2001-2002) Om lov om vern mot brann, eksplosjon og ulukker med farleg stoff og om redningsoppgåvene til brannvesenet (brann- og eksplosjonsvernlova) og om endringar i arbeidsmiljølova

55 Prinsippavgjerd frå DSB om teieplikta til brann- og redningsvesenet: <https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/brann-og-redning-bre/prinsippavgjorelser/brann-og-redningsvesenets-taushetsplikt.pdf>

56 Fråsegn frå DSB om meldeplikt ved brot på regelverket til ein annan etat: <https://www.dsb.no/lover/brannvern-brannvesen-nodnett/artikler/hva-gjor-brann-og-redningsvesenet-nar-de-oppdager-lovbrudd/>

57 Brann- og eksplosjonsvernlova § 4 bokstav f definerer verksemd som *alle offentlege og private foretak, uansett om foretaket er etablert med tanke på forretningsmessig fortjeneste eller ikkje*

7.7 TVANGSMULKT (§ 39)

7.7.1 FORMÅL, HEIMEL OG FØREHANDSVARSEL

Dersom pålegg ikkje blir gjennomført innan fristen, har brann- og redningsvesenet heimel til å påleggje tvangsmulkt, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 39. Formålet med tvangsmulkta er å motivere tilsynsobjektet til å innrette seg lovleg og sikre at regelverket blir følgt. Som tidlegare nemnt, er også vedtak om tvangsmulkt eit enkeltvedtak som i tråd med forvaltingslova krev førehandsvarsling og kan klagast på.

Tvangsmulktordninga gir styresmaktene eit sterkt verkemiddel som ikkje bør brukast utan tvingande grunn. Det bør alltid gjerast ei avveging av om tvangsmulkt er eit føremålstenleg verkemiddel for å oppnå etterleving av gjeldande krav i det enkelte tilfellet.

Tvangsmulkt kan førehandsvarslast allereie i tilsynsrapporten, og seinast i pålegget.

Pålegging av tvangsmulkt må naturlegvis ventast med til etter at fristen for å oppfylle pålegget har gått ut. Som nemnt er det mogleg å klage også på eit tvangsmulktvedtak, og veldig ofte vil tilsynsobjektet raskt kome på bana når det blir pålagt tvangsmulkt. Enkelte (få) gongar kan pålegging av tvangsmulkt vise seg å vere einaste måte å kome i dialog med tilsynsobjektet på.

7.7.2 ULIKE TYPAR TVANGSMULKT

Etter brann- og eksplosjonsvernlova § 39, kan det påleggjast ei *laupande tvangsmulkt* eller ei *eingongsmulkt* dersom eit pålegg ikkje blir oppfylt innan fristen som er sett.

Laupande tvangsmulkt

Tvangsmulkta blir rekna for kvar dag (også fridagar og helgedagar) fram til brann- og redningsvesenet har fått melding om at pålegget er oppfylt.⁵⁸ Når ei slik melding er motteken, bør det gjennomførast ein kontroll med at pålegget er oppfylt. Dette kan gjerast anten gjennom krav til innsending av dokumentasjon eller ved oppfølging (etterkontroll) frå brann- og redningsvesenet (ikkje nytt tilsyn).

Når brann- og redningsvesenet vel å påleggje laupande tvangsmulkt, må det sikrast at denne fungerer som reelt pressmiddel, og saka må følgjast opp tett. Det er særskilt viktig å sjå til at ikkje tvangsmulktbeløpet etter kvart blir urimeleg høgt i forhold til pålegga som tvangsmulkta skal bidra til å få gjennomført. Det blir anbefalt at eit tvangsmulktvedtak ikkje held fram lengre enn eit par månader før det blir vurdert bruk av andre reaksjonar.

Dersom det blir vist vilje til retting, men arbeidet tek meir tid enn først anslått (t.d. fordi ansvarleg for branntryggleiken avheng av teknisk ekspertise for utbetringa), må det alltid vurderast om tvangsmulktvedtaket skal gjerast om og tvangsmulkta stoppast (heilt eller mellombels). Dette er ei skjønnsmessig vurdering. Dersom den faktiske utbetringa av arbeidet er sett i gang, kan det hevdast at tvangsmulkta har oppfylt funksjonen sin som pressmiddel.

Dersom det ikkje blir vist vilje til retting trass i purring og innkrevjing av tvangsmulkta, er det naturleg å vurdere andre reaksjonar eller sanksjonar som til dømes stans (§ 37) eller melding (§ 42). Bruken av desse føresegnene er nærmare utgreidd under. Erfaringsmessig kjem nødvendig dialog mellom brann- og redningsvesenet og tilsynsobjektet ofte i stand idet tvangsmulkta blir søkt innkravd.

Eingongsmulkt

Også *eingongsmulkt* kan påleggjast, og vil i enkelte tilfelle vere enklare å krevje inn. Storleiken på eingongsmulkta avheng av kor alvorleg avviket er. Eingongsmulkta bør berre heilt unntaksvis setjast til under kr 10 000,- dersom det skal ha nokon effekt overfor tilsynsobjektet.

7.7.3 STORLEIK PÅ TVANGSMULKTA

Storleiken på tvangsmulkta må vurderast i kvart enkelt tilfelle. For at ho skal kunne fungere som pressmiddel, må mulkta vere såpass stor at det ikkje vil vere lønsamt for verksemda å la vere å oppfylle pålegget. Verksemda bør finne det uaktuelt å stille seg

⁵⁸ Bjørn O.Berg: Forvaltningssanksjoner (Universitetsforlaget 2005) kap. 18.5 Løpende mulkt.

passiv. Gjennom prøving av tvangsmulksaker både i Justis- og beredskapsdepartementet (JD) og i rettsvesenet⁵⁹ er det stadfesta at laupande tvangsmulkt frå 1000,-/2000,- til 5000,- per verkedag er rimeleg. Det er alvorsgraden til avviket som avgjer kor høg tvangsmulka blir. (Sjå utdrag frå domsseiing i 2018 – [Vedlegg 8]).

Når det gjeld utforminga av tvangsmulktvedtaket, blir det vist til føresegnene i forvaltingslova kap. IV, V og VI om utforming av enkeltvedtak (jf. utgreiinga over), derimellom krav skriftleg format, heimel, grunngeving og klagerett.

Det skal alltid vere mogleg for den ansvarlege å unngå tvangsmulka. Tvangsmulka har fungert etter hensikta dersom den ansvarlege innrettar seg slik at tvangsmulka ikkje må betalast.

7.7.4 OMGJERING AV TVANGSMULKTVEDTAK

Eit tvangsmulktvedtak kan gjerast om av brann- og redningsvesenet (jf. fvl. § 35) dersom det blir oppdaga feil i vedtaket, t.d. at feil fakta er lagde til grunn i saka. I kapittelet om klage og omgjering er det nemnt eit døme på omgjering av tvangsmulktvedtak. Til dømes kan ein etterkontroll frå brann- og redningsvesenet stadfeste at alle avvik var retta for lengst (kanskje har eigar gløymt å sende inn dokumentasjonen for ferdigstilling). Dersom tvangsmulka held fram trass i at alle avvika er retta, er det naturleg å vurdere omgjering av tvangsmulktvedtak. Ei tvangsmulkt blir nytta som pressmiddel for utbetring. Når ei slik utbetring er gjort og pålegget er oppfylt, er det ikkje heimel for å påleggje tvangsmulkt, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 39 første ledd.

7.7.5 KORREKT UTREKNINGSGRUNNLAG – FAKTURERING OG INNKREVJING

Når det gjeld fakturering og innkrevjing av tvangsmulkt, er det særskilt viktig at utrekningsgrunnlaget er korrekt, dvs. at dato for oppstart og avslutting av tvangsmulka er kjend og uomstridd, og at fordelinga av ansvar mellom dei ansvarlege for høvesvis fastsetjing og innkrevjing er kjend. Fleire kommunar har inngått avtalar om bistand til innkrevjing. Ved eventuell klage på tvangsmulktvedtak, eller søknad om ettergiving, må det takast stilling til om innkrevjing av tvangsmulka skal stoppast (mellombels) fram til klaga og/eller søknaden er avgjort. Avhengig av avgjerda må den ansvarlege for innkrevjinga få beskjed.

7.7.6 ETTERGIVING AV TVANGSMULKT

Sentral tilsynsmakt (DSB) kan ettergi *tvangsmulkt som er komen til*, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 39 første ledd siste punktum. DSB kan derimot ikkje prøve om tvangsmulktvedtaket er gyldig. Myndet til å fråfalle tvangsmulkt som er komen til, har blitt løfta opp på sentralt nivå for å sikre ein einsarta praksis. Det er ikkje knytt vilkår til når tvangsmulka kan fråfallast. Vurderinga vil difor blir gjort etter skjønn. Moment som er aktuelle i ei slik vurdering, er omfanget og alvorsgraden til avvika, grad av skyld hos den ansvarlege, årsaka til at pålegga ikkje er oppfylte og kva den ansvarlege har gjort for å redusere storleiken på tvangsmulka. I tillegg kan ein leggje vekt på den økonomiske situasjonen til den ansvarlege og kor hardt mulka rammar.

Av omsyn til den preventive effekten vil tvangsmulkt likevel berre fråfallast unntaksvis. Formålet med tvangsmulka er å sikre etterleving av lover og reglar, og ein liberal praksis kan lett svekke tilskundinga som tvangsmulka er meint å vere.

Søknad om ettergiving av tvangsmulkt skal setjast fram gjennom brann- og redningsvesenet, og ikkje direkte til DSB. Dette grunna behovet for fyllestgjering saksframstilling og fullstendig dokumentasjon av saka. For at DSB skal kunne vurdere i kva grad tvangsmulka er rimeleg, må også utrekninga av mulka inngå, og det må opplysast om heile eller delar av tvangsmulka er betalt. Viss den økonomiske situasjonen til søkjaren blir vektlagt i vurderinga av søknaden om ettergiving, må også årsrekneskap og skatteoppgjer for dei to siste åra både for søkjar og verksemd/eigedomsselskap leggast ved. Opplysningar om eventuell etterkontroll for å følgje opp avvika bør inngå i saksframstillinga.

Dersom det samstundes blir klaga på sjølve pålegget eller gyldigheita av tvangsmulka, må denne vurderast etter reglane for klagebehandling i lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltingsaker (forvaltingslova). Den kommunale klagenemnda er rette klageinstans for vedtak som er fatta av brann- og redningsvesenet, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 41 og forvaltingslova § 28. Fram til ein eventuell klage på vedtak er behandla av den kommunale klagenemnda, kan ikkje DSB behandle søknaden om ettergiving. Tvangsmulktvedtaket må vere endeleg og klagetilgangen uttømd før ein eventuell søknad om ettergiving kan behandlast. Dersom eigar eventuelt får medhald i klaga, vil ein søknad om ettergiving ikkje lenger ha relevans.

⁵⁹ Se dom fra Sør-Trøndelag tingrett, 16.01.2018 Saksnr.: 17-105683TVI-STRO

7.7.7 UTSETT IVERKSETJING

Ved eventuell klage på tvangsmulktvedtaket eller søknad om ettergiving er det viktig å vurdere utsett iverksetjing av tvangsmulktvedtaket fram til klaga eller søknaden er avgjort, jf. fvl. § 42. Dette inneber at tvangsmulkta stoppar opp medan styresmakta behandlar saka.

7.7.8 ANSVAR FOR TVANGSMULKT VED EIGARSKIFTE

Når det gjeld spørsmålet om kven som har ansvaret for uteståande tvangsmulkt ved eigarskifte, blir det vist til utgreiinga frå DSB om saka til Sortland kommune 11. juni 2021 (vedlegg 8). På det tidspunktet då eigedomen blei overført, var ikkje pålegget retta opp av tidlegare eigar. Tvangsmulkta som var komen til, var heller ikkje betalt.

På spørsmålet om kommunen kan inndrive tvangsmulkta frå første eigar for perioden fram til eigarskiftet, kom DSB til at svaret er ja. Dette føreset at overføringa av eigedomen har skjedd etter at fristen til å etterkome pålegget har gått ut. Etter juridisk teori kan det i slike tilfelle, avhengig av omstenda, likevel vere rimeleg å ettergi tvangsmulkta.

Når det gjeld spørsmålet om kor vidt pålegg og tvangsmulkt som er fremja overfor tidlegare eigar, automatisk skal gjelde også overfor ny eigar, kom DSB til at svaret er nei. Dette følgjer av kravet til individualisering. Det er nødvendig med ei ny vurdering og eventuelt eit nytt pålegg overfor den nye eigaren. Om heimelen til å forby bruk av eigedomen blir det vist til vurderinga i nemnde brev.

Vurdering av problemstillingane inngår i den vedlagde utgreiinga til Sortland kommune.

7.8 STANS VED OVERHENGANDE FARE (§ 37)

Eit forbod mot bruk (stans) er også eit enkeltvedtak, jf. forvaltingslova § 2 første ledd bokstav b – altså: *eit vedtak som gjeld retane eller pliktene til ein eller fleire bestemte personar.*

Heimelen til å *stanse* verksemd eller eventuelt *forby bruk* av byggverk, område, produkt m.m. er gitt i brann- og eksplosjonsvernlova § 37 andre og tredje ledd, og er i utgangspunktet tenkt som eit verkemiddel dersom pålegg om retting ikkje er oppfylt innan fristen.

Dersom brann- og redningsvesenet opplever at pålegget ikkje blir oppfylt og bruk av tvangsmulkt ikkje fører fram, er det eit alternativ å nytte stans av verksemd som verkemiddel, jf. § 37 andre ledd.

Dette verkemiddelet vil ha særskild innverknad på tilsynsobjektet, og det er difor viktig at ein i første omgang prøvar med tvangsmulkt.

Ved *overhengande fare* kan brann- og redningsvesenet stanse verksemda eller forby bruken av byggverket, området, produktet m.m. det gjeld, sjølv om pålegg ikkje er gitt, jf. § 37 tredje ledd. Denne føresegna heimlar tilgangen som brann- og redningsvesenet har til å stanse verksemda eller bruken omgåande under sjølve tilsynet.

I kva tilfelle faren kan seiast å vere overhengande, må vurderast konkret i den enkelte situasjon. Føresegna blir nytta ved grovare brot der risikoen for brann er høg og konsekvensen for liv, helse, miljø og materielle verdiar er stor.

Eit døme som blir trekt fram i denne samanheng, er dersom ein under tilsyn i eit festlokale med mange menneske til stades, opplever at brannsikringa er fråverande. Det kan til dømes vere at brannalarmanlegget er defekt eller ikkje i bruk og /eller at lokalet manglar nødvendige røymingsvegar. En brannsituasjon vil her kunne få fatale konsekvensar for liv og helse, og situasjonen kan dermed krevje omgåande stans/stenging.

Bruk av stans er å rekne som enkeltvedtak. Dette inneber at tilsynsobjektet skal varslast på førehand om pålegging av stansvedtak. Dette kan gjerast i det opphavlege pålegget om retting. Vidare skal varsel om stans følgjast opp med vedtak om stans dersom pålegget framleis ikkje er oppfylt. Dersom det blir rekna tvangsmulkt, er det naturleg å avslutte denne dagen før stansvedtaket blir sett i verk. På denne måten blir reaksjonskjeda oppretthalden.

Det er viktig at eit munnleg stansvedtak under tilsynet blir følgt opp med eit skriftleg vedtak så snart brann- og redningsvesenet er tilbake på kontoret.

Hugs at dei formelle krava til innhald i enkeltvedtak (jf. forvaltingslova) må vere oppfylte også for stansvedtak.

Brann- og redningsvesenet kan krevje bistand frå politiet for å sikre gjennomføring av stansvedtaket både etter andre og tredje ledd, jf. § 37 siste ledd. Dette kan vere nødvendig dersom tilsynsobjektet nektar å følgje pålegget frå brann- og redningsvesenet.

Eit stansvedtak er så vidt alvorleg og inngripande for tilsynsobjektet at det krev tett oppfølging. Det er særskilt viktig at tilbakemelding frå tilsynsobjektet blir behandla raskt (utan ugrunna opphald), og at brann- og redningsvesenet innan rimeleg tid gjer ei oppfølging av stansvedtaket (ikkje nytt tilsyn) som grunnlag for å vurdere om verksemda eller bygget kan takast i bruk att.

7.9 TVANGSGJENNOMFØRING – FØRELEGG (§ 40)

Brann- og eksplosjonsvernlova § 40 slår fast at manglande etterleving av innhaldet i pålegg og forbod om bruk kan følgjast opp med førelegg. Tilsynsmakta (kommunen v/brann- og redningsvesenet) kan utferde førelegg ved alle forhold som er i strid med brann- og eksplosjonsvernlova med tilhøyrande forskrifter eller konkrete vedtak. Førelegg kan få same rettsverknad som ein rettskraftig dom, dvs. at førelegget kan tvangsfullbyrdast etter reglane i lova om tvangsfullbyrding.

Vanlegvis må forvaltinga reise sak for domstolane for å få grunnlag for tvangsgjennomføring av eit offentleg vedtak, men ved bruk av førelegg vil initiativet til å gå til søksmål liggje hos den som førelegget er retta mot. I slike tilfelle er det den private parten som må gå til søksmål innan 30 dagar etter forkynninga for å hindre at det blir etablert tvangsgrunnlag ved førelegg.

Det blir presisert at ein må rekne med omfattande ressursbruk dersom ein vel å følgje opp pålegg gjennom bruk av førelegg. Det kan også vere nødvendig å bruke politiet for å få tilgang til objektet. Det bør difor vurderast om tvangsmulkt kan vere eit betre alternativ som tvangsmiddel, eller om tilsynsmakta heller bør stengje bygninga / stans bruken ved alvorlegare avvik. Eventuelt vil tilsynsmakta kunne tilbakeføre avviket til bygningsmyndet etter plan- og bygningslova § 1-4 tredje ledd: *Viss nokon som utfører offentleg synfaring, oppdagar forhold som er i strid med føresegnar gitt i eller i medhald av denne lova, skal vedkomande snarast melde forholdet til plan- og bygningsmyndet.*

7.10 MELDING TIL POLITIET (§ 42)

7.10.1 INNLEIING

Når brann- og redningsvesenet gjennom tilsyna sine avdekkjer alvorlege brot på regelverket, eller brot på gitte vedtak/pålegg, kan det vurderast å melde forholdet. Det same gjeld dersom ein objekteiger eller ei verksemd gjentekne gongar lèt vere å rette opp i avvik eller oppfylle pålegg.

Ifølgje brann- og eksplosjonsvernlova § 42, kan brot på føresegnar i lova medføre straff i form av bøter og fengsel inntil 6 år. Første ledd slår mellom anna fast at brot på opplysningsplikta, jf. § 33, kan straffast med bøter. Ifølgje andre ledd, kan personar som uaktsamt eller med forsett bryt lova eller eit pålegg/vedtak, straffast med bot eller fengsel inntil tre månader.

Ei melding er ein førespurnad frå kommunen v/brann- og redningsvesenet om at politiet skal etterforske eit forhold som straffbar handling, og vurdere forfølging av forholdet. Dersom brann- og redningsvesenet meiner at ei verksemd og/eller éin eller fleire enkeltperson må politietterforskast for å avklare om det ligg føre eit straffbart forhold, må saka meldast til politiet.

Det må alltid vurderast om det er føremålstenleg å melde eit forhold til politiet. Politi og påtalemyndighet har erfaringsmessig ikkje kapasitet til å forfølge alle melde lovbrøt, og det er difor i utgangspunktet berre alvorlege saker som bør meldast.

7.10.2 RUTINAR FOR Å MELDE EIT FORHOLD TIL POLITIET

Melding til politiet bør alltid ferdigstillast av ein jurist (t.d. kommuneadvokaten) i tett samarbeid med tilsynspersonellet, leiinga for denne og eventuelt andre fagpersonar som sit med særleg kompetanse på fagområdet. Kven som har fullmakt og er ansvarleg for meldinga (underteikning m.m.), skal vere bestemt gjennom retningslinjer og rutinar i den enkelte kommune.

7.10.3 KVA FORHOLD KAN MELDAST

Bruken av reaksjonar skal vere forholdsmessig, dvs. at dei skal stå i forhold til alvorsgraden av lovbroten. Å melde frå til politiet bør berre gjerast ved sær alvorlege lovbroten eller dersom det er snakk om mange/gjentekne lovbroten. I desse tilfella er det viktig av tilsynsmakta reagerer.

I vurderinga av om regelbroten er så grovt at det bør meldast til politiet, er relevante moment m.a. type handling/forsøming, kor graverande og omfattande avvika er, klanderverdigheit, fare- og skadepotensial og eventuell faktisk oppstått skade.

Verksemder som gjennom forsett eller grov uaktsemd og til eigen fordel trassar forvaltingsvedtak, kan potensielt meldast til politiet. Det same gjeld ved lovbroten der same verksemd eller person allereie har fått pålegg/åtvaringar.

Det må alltid vurderast om allmennpreventive eller individualpreventive omsyn tilseier at lovbroten blir meldt til politiet.

Avgjerda er skjønsmessig, men følgjande moment kan vektleggjast:

- Lovbroten kan ha medført *fare for liv og helse*.
- Grove broten på grunnleggjande branntryggleik, jf. krav i brann- og eksplosjonsvernlova og tilhøyrande forskrifter pluss internkontrollforskrifta.
- Det blir avdekt gjentekne grove broten på branntryggleiken, dvs. grove broten på dei same føresegnene fleire gongar.
- Fleire mindre broten som samla kan reknast som grove (fleire broten kan tyde på at det ikkje blir arbeidd planmessig og systematisk med helse-, miljø- og tryggleik i verksemda).
- Broten på stansvedtak, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 37 andre og tredje ledd.
- Det blir lagt hindringar for utøvinga av tilsynet, til dømes ved at tilsynspersonellet blir nekta tilgang til verksemda eller at verksemda nektar å gi opplysningar eller hindrar offentleg styresmakt, jf. brann- og eksplosjonsvernlova §§ 33 og 34.

Spørsmålet om ein skal melde frå til politiet, må avgjerast raskt, og saka må prioriterast høgt. Når tida går, svekkjer det bevisa og det blir vanskelegare for politiet å straffefølgje lovbroten. Ein rask reaksjon kan også vere avgjerande med tanke på forelding. Mindre alvorlege straffbare forhold blir forelda allereie etter to år. Reglane for forelding står i straffelova kapittel 15.

7.11 KLAGE PÅ VEDTAK OG OMGJERING M.M.

7.11.1 KVEN ER KLAGEINSTANS

Ifølgje fvl. § 28 kan eit enkeltvedtak som t.d. eit pålegg eller eit tvangsmultvedtak, klagast inn for *forvaltingsorganet (klageinstansen) som er nærmast overordna forvaltingsorganet som fatta vedtaket (underinstansen)*.

Kven som er rett klageinstans for enkeltvedtak frå brann- og redningsvesenet, går fram av høvesvis brann- og eksplosjonsvernlova § 41 andre ledd og fvl. § 28 andre ledd; *For enkeltvedtak som er fatta av forvaltingsorgan oppretta i medhald av lov om kommunar og fylkeskommunar, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller – etter vedtak frå desse – formannskapet eller fylkesutvalet eller ein eller fleire særskilde klagenemnder som kommunestyret eller fylkestinget har oppnemnt.*

Når det gjeld spørsmål om kven som er rett klageinstans for brann- og redningsvesen organisert som IKS, blir det vist til fvl. § 28 andre ledd andre setning: *For enkeltvedtak som er fatta av eigne rettssubjekt som har fått overført mynde frå kommunen eller fylkeskommunen, er klageinstansen éi eller fleire særskilde klagenemnder som er oppnemnde av det øvste organet i rettssubjektet.* Øvste organ i eit IKS er representantskapet, jf. IKS-lova § 7. Det er selskapsavtalen, vedteken av kommunestyret eller fylkestinget, som bestemmer myndet til eit IKS, jf. IKS-lova § 4. Dersom fullmakt til etablering av eiga klagenemnd ikkje ligg føre, er det kommunestyret som er rett klageinstans.

7.11.2 KLAGER BLIR FREMJA GJENNOM UNDERINSTANSEN

Ei klage skal alltid fremjast gjennom underinstansen, jf. fvl. § 32 bokstav a. Dette vil sikre ei fullstendig framstilling av saka overfor klageinstansen, der også synspunktet til tilsynsmakta blir vareteke og alle saksdokumenta blir lagde ved.

Saka skal fremjast gjennom brann- og redningsvesenet også i tilfelle der tilsynsobjektet søker om å få ettergitt tvangsmulkt, og saka skal behandlast av DSB.

7.11.3 UTSETT IVERKSETJING, OMGJERING M.M.

Når klaga er motteken og gått gjennom, er det viktig at brann- og redningsvesenet vurderer spørsmåla om 1) utsett iverksetjing og 2) om vedtaket skal stå ved lag eller bør gjerast om før klaga blir fremja for klageinstansen. Det blir i denne samanheng vist til fvl. § 33 andre ledd om krava til saksførebuing i klagesak.

Ofte vil det vere naturleg at tilsynsobjektet ber om *utsett iverksetjing* av pålegget fram til klaga er endeleg avgjort, jf. fvl. § 42. Dette inneber i så fall ei eiga vurdering og avgjerd som brann- og redningsvesenet fattar. Avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltingslova. Ho kan treffast utan særskild saksførebuing og er ikkje mogleg å klage på.⁶⁰ Utgangspunktet er at pålegg om retting skal setjast i verk i tråd med fristane, uavhengig av klage. For tilsynsobjektet vil det likevel ofte vere av avgjerande betydning at vedtaket ikkje blir gjennomført før det er avgjort om klaga fører fram. I motsett fall kan tilsynsobjektet risikere å utføre til dømes særskild kostbare utbetringar eller installeringar (t.d. av branntekniske installasjonar i byggverket) som ikkje kan rettast opp att – eller som i alle tilfelle vil vere vanskelege og særskild kostbare å rette opp att.

